



Høgskulen
på Vestlandet



Årsrapport

2021

Innhald

Kapittel I Styrets fråsegn.....	3
Høg kvalitet i utdanning og forskning.....	3
Forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling.....	3
God tilgang til utdanning.....	4
Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem.....	4
Dei viktigaste prioriteringane for 2022.....	4
Kapittel II Introduksjon til verksemda og hovudtal.....	6
Kapittel III Aktivitetar og resultat i 2021.....	9
1. Nasjonale styringsparameter.....	9
2. Utviklingsavtalen.....	15
3. Verksemdsmål.....	25
4. Rapportering på overordna gevinstrealiseringsplan for oppfølging av strukturreforma...32	
Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt.....	33
Midlar til oppgradering av forskings- og læringsareal.....	34
Midlar tildelt over andre kapittel.....	35
Kapittel IV Styring og kontroll i verksemda.....	38
Del 1: Rapportering om styring og kontroll.....	38
Del 2: Rapportering på andre føresetnadar og krav/fellesføringer.....	40
Kapittel V Vurdering av framtidsutsikter.....	45
Framtidsutsikter og planar.....	45
Budsjett 2022 med strategiske prioriteringar.....	49
Kapittel VI Årsrekneskap.....	51
Leiarkommentarar til rekneskapen for 2021.....	51
Årsrekneskap med noter.....	56



Kapittel I

Styrets fråsegn

Den overordna ambisjonen for strategiperioden 2019-2023 er å bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil, tufta på samspel, berekraft og nyskaping. Etter fem års drift er høgskulen på god veg til å realisere målsettinga om å bli ein sterk og tydeleg høgare utdanningsinstitusjon.

Høg kvalitet i utdanning og forskning

Universitetsambisjonen er boren fram av høge mål for utdanning, forskning og formidling. Gjennom ei mengde tiltak har HVL hatt stort fokus på å få til ei stadig auke i eksterntfinansiering og vitskapleg publisering. Alle fakulteta har hatt vekst i talet på faglege årsverk. Derimot har utviklinga i både førstestillings- og toppkompetanse ved HVL, etter fleire år med stigning, flata ut frå 2020 til 2021. Dette vil ein derfor ha auka merksemd på i 2022.

Høgskulen har høge ambisjonar for utdanningane sine, og har stor merksemd på utdanningskvalitet, gode studiemiljø og engasjerte studentar. Det har vore fokus på å utvikle og endre studieporteføljen, og styret har i 2021 både vedtatt utgreiingsløyver og etablert ei rekke, ulike bachelor- og masterutdanningar ved alle fakulteta. I juni fekk styret presentert den periodiske evalueringa av høgskulen si samla studieportefølje.

Studieporteføljen med opptaksrammer for HVL for studieåret 2022/23 vart vedtatt i november.

Det blir jobba kunnskapsbasert og analytisk med studentrekruttering på høgskulen. Det blir lagt vekt på digital rekruttering, utvikling av nettsider og sosiale kanalar og tilpassing av digital marknadsføring. Effekten av dei ulike tiltaka viser igjen ved at HVL samla sett rekrutterer godt.

Utvikling av levande campus var ein viktig del av fusjonsavtalen som skapte Høgskulen på Vestlandet. I 2020 vart det etablert eit campusutviklingsprosjekt ved Høgskulen og det er gjort fleire tiltak for å få meir levande campusar. Målet er å leggja fram ein strategi for vidareutvikling av HVL og dei ulike campusane i 2022.

Forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Regional utvikling og samhandling med samfunns- og arbeidsliv er ein viktig del av HVL sin identitet. Praksis inngår som obligatorisk eller valfri del på mange av utdanningane. Det er eksterne representantar i både studieplankomitear, studieprogramråd og periodiske evalueringar, noko som bidreg til å skape relevante utdanningar. HVL si kandidatundersøking har vist at høgskulen sine kandidatar er veltilpassa på arbeidsmarknaden.

Bidraginntektene frå Forskingsrådet i 2021 viser ei forventet positiv utvikling. Utviklinga skuldast ei reell auke i nye aktive prosjekt finansiert av Forskingsrådet. Det er også ein liten auke i andre bidrags- og oppdragsinntekter, men sidan talet på faglege årsverk har auka vesentleg meir, vart det ein nedgang i forholdet mellom inntekter og faglege årsverk. Styret har i 2021 sett berekraft og det grønne skiftet i fokus. I 2022 skal styret vedta høgskulen sin eigen handlingsplan for berekraft.

God tilgang til utdanning

Høgskulen sin kandidatproduksjon er framleis samla sett god på dei fleste helsefagutdanningane og lærarutdanningane, men med nokre utfordringar som Høgskulen vil jobbe vidare med i 2022. Det har vore stor vekst knytt til tal studentar både på desentralisert og nettbasert undervising, både på bachelor og master i tillegg til vidareutdanningsprogram. Om lag halvparten av studentane har praksis i utdanninga si.

For å bidra til vidareutvikling av lærings- og vurderingsformer, samt auke kunnskapen om digitale ressursar hos tilsette er det oppretta ei eiga avdeling som mellom anna har dette som ansvarsområde. HVL har også hatt fokus på universell utforming av alle digitale løysingar retta mot studentar, både på programvare og innhald.

Styret fekk på vårparten 2021 presentert prosjektrapporten frå Prosjekt Livslang læring i HVL, som tilrådde ei rekke oppfølgingspunkt som premissar for det vidare arbeidet med framtidig organisering av livslang læring i høgskulen.

Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem

I 2021 har Høgskulestyret, etter drøftingar og diskusjonar over fleire styremøte både i 2020 og starten av 2021, vedtatt modell for nytt rektorat. Dei største endringane er etableringa av ei prorektorrolle med ansvar for regional utvikling, og framhevinga av stadlege kontaktpunkt på høgskulen sine fem campus. Styret har tilsett fire dekanar og tre prorektorar, samt oppretta ei ny eining med ansvar for samfunnskontakt, arbeidsliv og livslang læring.

Høgskulen har fokus på å sikre gode læringsmiljø, møteplassar og arenaer for medverknad i ein meir digital studiekvardag, med særskilt merksemd på førsteårsstudentane. I 2021 har det, med ekstraordinær finansiering frå KD, mellom anna blitt innført mentor-/studentassistentordning. Det har vore særleg merksemd

på førsteårsstudenten og sosial og fagleg integrasjon og vektlegging av eit inkluderande læringsmiljø. På fleire campus har det blitt bygd opp læringslabar, bemanna med tilsette og studentassistentar, som gjer det mogleg med utvida opningstider. Det har også blitt gjennomført fysiske oppgraderingar av studentareal på fleire campus, noko som har blitt godt motteke.

Også 2021 har vore eit år utanom det vanlege. Trass i dei utfordringane to år med pandemi har gitt, har Høgskulen på Vestlandet greidd å halde oppe framdrifta på dei måla vi jobbar mot, med utgangspunkt i sektormåla. Ein må rekne med at ein vil sjå fleire effektar av pandemien både i 2022 og i åra som kjem, og det er viktig at ein er i framkant der ein kan for å løyse utfordringar og nytte nye moglegheiter den fører med seg. Men styret ønskjer å takke både studentar og tilsette for godt arbeid i ei krevjande tid.

Den økonomiske situasjonen for høgskulen er god. Styret opplever at det er etablert gode rutinar for økonomistyring og at det er stor merksemd knytt til å redusere avsetningane i tråd med nytt regelverk.

Styret har hatt åtte ordinære og eit ekstraordinært styremøte i 2021, kor halvparten av dei ordinære møta har blitt gjennomført digitalt grunna korona-situasjonen. Styret har handsama 72 saker i sitt tredje år og hatt to styreseminar med Styrets rolle og ansvar under universitets- og høgskuleloven (digitalt 4. februar) og Universitetsambisjonen (Haugesund 27.-28. oktober) som tema.

Dei viktigaste prioriteringane for 2022

Høgskulen har fokus på å tilpasse oss verda omkring, både lokalt og globalt. Store hendingar på verdsbasis som klimakrise og krig i Europa er noko som vil prege 2022. Av meir konkrete område vil styret ha særskild merksemd på:

- Ny utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet
- Strategiprosess – ny strategi frå 2023
- Universitetsambisjonen – universitetssøknad i 2023
- Regional utvikling
- Kvalitet og omfang av forsking
- Utdanning – tilbod og kvalitet – kontinuerleg studieporteføljeutvikling
- Studentrekruttering og gjennomstrøyming
- Campusutvikling
- Fokus på å redusere avsetningar – oppfølging av investeringsplanar

Dato: 09.03.2022


Arvid Hallén (styreleiar)


Aina Berg


Trond Ueland


Hege Økland


Joar Sande


Stig Frode Samnøy, vara for Tina Åsgård


Ragnar Gjengedal


Kristin Ådnøy Eriksen


Tone Skjerdal


Alexander Papas


Marie Charlotte Moilanen Kettunen



Kapittel II

Introduksjon til verksemda og hovudtal

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er underlagt Kunnskapsdepartementet (KD) og er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter.

Høgskulen blir leia av styret, og rektor er dagleg leiar for den faglege og administrative verksemda. Gunnar Yttri er av styret tilsett som rektor for åremålsperioden 2021-2024. Rektors leiargruppe, Toppleiinga, består av prorektor for utdanning, prorektor for forskning, prorektor for regional utvikling, organisasjonsdirektør, direktør for økonomi og arealforvaltning og dekanane for dei fire fakulteta.

Samfunnsoppdraget vårt er å legge til rette for at alle deltar i arbeids- og samfunnslivet, alle har den kompetansen dei sjølve og samfunnet treng, og samfunnet har tilgang til oppdatert kunnskap av høg kvalitet.

Den overordna ambisjonen for høgskulen er å bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil. Vegval, verdiar, satsingsområde og mål i strategien peikar mot at ein i utdanning, forskning og utviklingsarbeid skal skape ny kunnskap og kompetanse, forankra internasjonalt og omsett til løysingar som verkar lokalt.

HVL tilbyr utdanningar på bachelor-, master- og ph.d.-nivå. Den faglege verksemda er delt inn i fire fakultet; Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI), Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS), Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN) og Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap (FØS). Høgskulen tilbyr fire eigne doktorgradsprogram; Ph.d. i studiar av danning og didaktiske praksisar, Ph.d. i datateknologi, Ph.d. i helse, funksjon og deltaking og Ph.d. i ansvarleg innovasjon og regional utvikling. I samarbeid med Universitetet i Sørøst-Norge (USN), NTNU Ålesund og UiT Norges Arktiske Universitet tilbyr Høgskulen på Vestlandet i tillegg doktorgradsprogram i nautiske operasjonar.

Høgskulen sin overordna strategi vart vedtatt av høgskulestyret i 2018 og gjeld for perioden 2019-2023. I tillegg har det blitt utarbeidd eigne verksemdsmål og fakulteta har vedtatt eigne fakultetsstrategiar som bygger opp under strategien. Utviklingsavtalen med KD gjeld for perioden 2021-2022 og har fokus på regional utvikling, kvalitet og omfang av forskning og utdanningskvalitet.


Regional utvikling og samhandling med samfunns- og arbeidsliv er ikkje berre ein del av høgskulen sitt samfunnsmandat, det er også ein viktig del av HVL sin identitet. Praksis inngår som obligatorisk eller valfri del på mange av utdanningane. Dei mange samarbeidsavtalane med samfunns- og arbeidsliv gjer dette mogleg. Næringsklyngene rundt campusane gir høgskulen tilgang på eit rikt spekter av samarbeidsaktørar. Høgskulen har samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar både under UHR-paraplyen og høgare yrkesfagleg utdanning. Dette er viktig for å lære av kvarandre, utvikle og støtte kvarandre og for å kunne gi studentane meir saumlause overgangar og moglegheit for livslang læring.

Med fem campusar geografisk spreidd på Vestlandet og arbeidslivsretta utdanningar på både bachelor-, master-, og ph.d.-nivå, samt eit uttalt ønske om å vere ein pådrivar i utviklinga av vestlandsregionen, har høgskulen gode føresetnader for å vere ein betydeleg bidragsytar til dei overordna sektormåla.

Nøkkeltal 2021

Tal årsverk	1 882
Tal registrerte studentar	17 580
Sum driftsinntekter	2 458 781 000
Total tildeling frå KD	2 185 294 000
Tilskot og overføring frå andre statlege etatar	158 642 000
Avlagte doktorgrader	10

Kjelde: DBH
Tabell 1: Nøkkeltal 2021



I tillegg har høgskulen fem senter knytt til fakulteta: «BARNkunne – senter for barnehageforskning» og «Senter for fysisk aktiv læring» (SEFAL) ved FLKI, «Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling» ved FIN, «Senter for omsorgsforskning, vest» ved FHS og «Maritime Competence and Test Cluster» (MarCATCH¹) ved FØS.

Figur 1: Organisasjonskart

¹ Endra namn i 2022 til Senter for sjøsikkerhet - blå operasjon og grøn visjon.

Fakultet	Studentar	Årsverk	Studiestadar
Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS)	4 918	399	Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund
Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap (FIN)	3 259	368	Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI)	6 628	553	Sogndal, Bergen og Stord
Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap (FØS)	2 775	140	Sogndal, Bergen og Haugesund

Campus	Studentar	Årsverk
Bergen	10532	1110
Førde	908	89
Haugesund	1711	175
Sogndal	3080	344
Stord	1349	186

Figur 2: Campus (studentar og årsverk pr. november 2021)



Kapittel III

Aktivitetar og resultat i 2021

Årsrapportens kapittel III inneheld resultat, analysar og vurderingar av Høgskulen på Vestlandet på:

1. Nasjonale styringsparameter
2. Måla i utviklingsavtalen
3. Verksemdsmåla med tilhøyrande prioriteringar
4. Måla i gevinstrealiseringsplanen for strukturreforma

Nemnte mål og parameter er integrert i ein heilskapleg målstruktur i høgskulen sine plandokument, men vi har her valt å rapportere på dei ulike delane kvar for seg.

1. Nasjonale styringsparameter

Gjennomgangen av resultat på nasjonale styringsparameter er gruppert under dei fire sektormåla for UH-sektoren.

Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Styringsparametrar jf. Tildelingsbrev – Sektormål 1	Resultat		Mål	Gj.snitt sektoren
	2020	2021	2021	2021
Delen bachelor Kandidatar som gjennomfører på normert tid (DBH)	57,53	59,71	60	53,5
Delen mastergradkandidatar som gjennomfører på normert tid (DBH)	52,99	57,76	65	56,27
Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år (DBH)	-	0	57	67,9
Skår på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten (Studiebarometeret - NOKUT)	3,91	3,8	4	3,95
Fagleg tidsbruk blant heiltidsstudentar (timar per veke) (Studiebarometeret - NOKUT)	31,91	31,96	35	34,29
Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk (DBH)	0,69	-	0,72	-
Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk (verdi i euro)	2021,61	-	6000	-
Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar (DBH)	0,21	0,18	-	0,8

Tabell 2: Nasjonale styringsparameter - sektormål 1



Kommentarar sektormål 1:

Delen bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid (DBH)

Det har vore ei auke i delen av kandidatar som gjennomfører på normert tid, og vi nærmar oss målsettinga på 60%. HVL ligg godt over snittet i sektoren. Det har i 2021 blitt sett i verk ei rekke tiltak for å auke gjennomstrøyminga. Av tiltak som blir vurdert som særleg viktige er prosjekt knytt til fleirspråklege studentar, individuelle samtalar med studentane, prosjekt som skal sikre meir målretta tiltak knytt til gjennomstrøyming, auka fokus på praksis og årsstudium som kan godkjennast som del av ein bachelorgrad. I tillegg har høgskulen lenge hatt merksemd på tidlege tiltak for å sikre at studentane får best mogeleg start på studiet, noko introduksjonsprogrammet «FIN-start» er eit godt døme på. Tiltak ein har høge forventningar til, men som førebels er for nye til at dei har hatt innverknad på resultatet på denne parameteren, er innføring av mentor-/student-assistentordning med særleg merksemd på førsteårsstudentane.

Delen mastergradkandidatar som gjennomfører på normert tid (DBH)

Det har vore ei god auke i delen mastergradkandidatar som gjennomfører på normert tid. Sjølv om høgskulen ligg over snittet i sektoren, er resultatet lågare enn måltalet. Noko av forklaringa på det er ABIOK-studentar som tek vidareutdanning som er registrert som masterstudentar. I samband med planlagde endringar på grunn av nye retningslinjer for desse utdanningane, vil ein hausten 2022 sjå på moglegheita for å endre denne registreringspraksisen. Av tiltak som blir vurdert til å ha hatt god effekt på gjennomstrøyming er mellom anna kurs og seminar for rettleiarar til masteroppgåver, seminar med presentasjon av aktuelle forskingsprosjekt, planleggingssamtalar med studentar, introduksjonsveke for nye studentar og gjennomgåande studieløp.

Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år (DBH)

Ph.d.-studiet Studiar av danning og didaktiske praksisar tok til i 2015, og målet var at fire av desse kandidatane skulle ha disputert innan 2021. Resultatet vart at ein av kandidatane som hadde opptak i programmet i 2015 disputerte i 2021, men denne disputasen er ikkje inkludert i grunnlaget for «seksårs målet» då kandidaten hadde starta sin ph.d.-periode i 2014. Sjå også omtale under verksemdsmål 3.

Skår på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten (Studiebarometeret - NOKUT)

Nasjonalt er resultatet her likt som i 2020, medan HVL sitt resultat på denne indeksen syner ein liten nedgang. Samtidig ser vi at summen av resultatane på dei ulike hovudindeksane i Studiebarometeret er lik som føregåande år. Både svarprosent og resultat varierer ein del mellom utdanningsområde og studieprogram, og høgskulen vurderer det derfor som mest effektivt å følgje opp resultatane og eventuelle nødvendige tiltak på studieprogram- og fakultetsnivå.

Fagleg tidsbruk blant heiltidsstudentar (timar per veke) (Studiebarometeret - NOKUT)

Sjølv om HVL sine resultat på tidsbruk ligg litt under det nasjonale snittet, ser vi at tidsbruken held seg på om lag same nivå som i 2020, men med ei jamnare fordeling mellom organiserte læringsaktivitetar og eigeninnsats enn det var då, med fleire timar på organiserte aktivitetar. Resultatane er basert på eigenrapportering frå studentane, og det er store variasjonar i dei innmeldte tala. Høgskulen vurderer det derfor som mest effektivt å følgje opp resultatane og eventuelle tiltak på studieprogramnivå.

Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk (DBH)

Talet for 2021 kjem i april. HVL har hatt ei jamn auke dei siste åra, og alt tyder på at målet om 0,72 for 2021 vil bli nådd. HVL ligg likevel lågare enn andre samanliknbare institusjonar, og må derfor fortsette satsinga på dette området.

Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk (Forskringsrådet/NIFU)

Resultatet på denne parameteren referer til kontraktsår og er dermed ofte eit resultat av løyvdde søknadar sendt året før eller tidleg same år. Parameteren gjeld omfanget av dei kontraktane HVL har signert i løpet av året. Sjå mål 2.2. under utviklingsavtalen for omtale av pågåande og innvilga Horisont 2020-prosjekt.

Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar (DBH)

På grunn av pandemien var det færre studentar enn vanleg som reiste på utveksling både i 2020 og i 2021.

Høgskulen nytta 2021 til arbeid med tiltak for å auke mobiliteten i åra som kjem. Mellom anna vart det starta eit større arbeid med å digitalisere og forenkle utvekslingsprosessen gjennom å utvikle ein studentutvekslingsapp. I tillegg vart alle mobilitetsavtalar innafor Erasmus+ fornya. Høgskulen vurderer det som sannsynleg at desse tiltaka vil legge til rette for auka studentutveksling, særleg til Europa.



Sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Styringsparametrar jf. Tildelingsbrev – Sektormål 2	Resultat		Mål	Gj.snitt sektoren
	2020	2021	2021	2021
Delen mastergradkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning (Kandidatundersøkinga - NIFU1)	86	-	95	-
Bidraginntekter frå Forskringsrådet per fagleg årsverk (DBH) (1000 kr)	51,38	60,49	56	165,09
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (DBH) (1000 kr)	138,13	129,65	135	165,83
Delen forskingsinnsats i MNT-fag (FoU-statistikken - NIFU2)	-	-	-	-

Tabell 3: Nasjonale styringsparameter - sektormål 2

Kommentarar sektormål 2:

Delen mastergradkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning (Kandidatundersøkinga - NIFU)

Høgskulen har tradisjonelt skåra godt i kandidatundersøkinga til Nordisk institutt for studiar av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU), som blir gjennomført anna kvart år og tar for seg situasjonen til mastergradkandidatar eit halvt år etter ferdig utdanning. På grunn av koronasituasjonen og eit ønske om kunnskap om dei nyutdanna sin arbeidssituasjon under korona blei det gjennomført ei undersøking på 2020-kullet. Den viser også eit bra resultat (86%).

Bidraginntekter frå Forskringsrådet per fagleg årsverk (DBH)

Talet for 2021 representerer ei forventet positiv utvikling, men er noko høgare enn venta (jf. måltal). Utviklinga skuldast ei reell auke i nye aktive prosjekt finansiert av Forskringsrådet.

²Undersøkinga blir gjennomført annakvart år.

³Undersøkinga blir gjennomført annakvart år.

Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (DBH)

Til tross for reduksjon i andre statlege bidrag, har auken i oppdragsinntekter gjort at det samla vart vekst i andre bidrags- og oppdragsinntekter. Sidan talet på faglege årsverk har auka relativt meir enn auken i inntekter, vart det ein nedgang på denne parameteren.

Delen forskingsinnsats i MNT-fag (FoU-statistikken - NIFU)

Data for 2021 er førebels ikkje publisert på DBH.

Sektormål 3: God tilgang til utdanning

Styringsparametrar jf. Tildelingsbrev – Sektormål 3	Resultat		Mål	Gj.snitt sektoren
	2020	2021	2021	2021
Kandidattal på helse- og lærerutdanningane, jf. måltal (DBH)	1934	1571	1710	-

Tabell 4: Nasjonale styringsparameter - sektormål 3

Utdanning	Resultat 2019	Resultat 2020	Resultat 2021	Kandidatmåltal 2021
ABIOK-utdanningane	120 ⁴	136 ⁵	143 ⁶	65
Bioingeniør	48	43	45	39
Teiknspråk og tolking	9	8	12	20
Ergoterapi	41	30	33	30
Fysioterapi	71	55	66	68
Jordmor	36	34	38	35
Radiograf	32	34	21	25
Sjukepleiar	527	444	538	447
Vernepleiar	120	105	126	86
Sum helsefagutdanningane	1 004	889	1 022	815
Barnehagelærar	330	325	318	248
GLU 1-7	196	186	20 ⁷	186
GLU 5-10	192	199	8 ⁸	137
PPU og PPU-Y	258	299	177	276
Faglærar	31	36	26	48
Sum lærerutdanningane	1 007	1 045	549	895
Totalsum	2 011	1 934	1571	1710

Tabell 5: Kandidattal - resultat og måltal

⁴ Av desse var det 74 som tok 90 studiepoeng vidareutdanning og 46 som tok 120 studiepoeng (master).
⁵ Av desse var det 93 som tok 90 studiepoeng vidareutdanning og 43 som tok 120 studiepoeng (master).
⁶ Av desse var det 82 som tok 90 studiepoeng vidareutdanning og 61 som tok 120 studiepoeng (master).
⁷ Overgangsårsår frå fireårig GLU til femårig master, jf. kommentar over tabellen.
⁸ Overgangsårsår frå fireårig GLU til femårig master, jf. kommentar over tabellen.

Kommentarar sektormål 3:

Kandidattal på helse- og lærerutdanningane, jf. måltal (DBH)

Høgskulen sin kandidatproduksjon er framleis samla sett god på dei fleste helsefagutdanningane og lærerutdanningane, men med nokre utfordringar. Hovudårsaka til det store avviket mellom målalet frå departementet og resultatet for 2021 er omlegginga på grunnskulelærerutdanningane. 2021 var eit overgangsårsår frå 4-årig GLU til 5-årig master GLU. Vi hadde derfor ikkje noko avgangskull dette året sjølv om kandidatmåltala frå departementet stod uendra. Kandidatproduksjonen vil vere i gong att i 2022, når første masterkullet blir uteksaminert.

Bachelorprogrammet Teiknspråk og tolking har over tid hatt låg gjennomstrøyming. Det største fråfallet skjer mellom 1. og 2.studieår og skuldast hovudsakleg at fleire av dei som startar på studiet berre ønskjer å ta det som årseining, utan planar om å gå inn i tolkeyrket.

Sjølv om ein veit om dette fråfallet er det praktisk og fagleg vanskeleg å ta inn fleire studentar for å dekke inn fråfallet. Viktige tiltak som er gjennomført i 2021 er mellom anna innføring av fagleg utviklingssamtale som arbeidskrav før praksisperioden og kursing i studieteknikk.

Hovudårsaka til nedgangen på PPU er at det vart innført krav om mastergrad som opptakskrav til PPU-A, noko som har resultert i færre søkjarar og lågare kandidatproduksjon. Eit konkret tiltak som blir sett i verk frå komande studieår for å auke søkartala, er å redusere samlings dagar på campus. Det er også fokus på breiare marknadsføring av PPU-tilboda ved våre campus.

Tiltak som har vore gjennomført ved faglærerutdanninga i musikk for å auke rekrutteringa, har mellom anna vore annonsekampanjar i sosiale media, besøk på vidaregåande skular i regionen, produksjon av videoar og anna PR-materiell for studiet. Tiltaka har dessverre hatt svak effekt på rekrutteringa til studiet.



Forskergruppen Tegnspråk, tolking og kommunikasjon, (fra venstre) Ingeborg Skaten, Gro Hege Saltnes Urdal, Elisabeth Tiselius, Inger Birgitte Torbjørnsen, Elisabet Trengereid-Olsen, Kjersti Skagen og Benjamin Donald Anible.

Sektormål 4: Effektiv, mangfoldig og solid høgare utdanningssektor og forskningssystem

Styringsparametrar jf. Tildelingsbrev – Sektormål 4	Resultat		Mål	Gj.snitt sektoren
	2020	2021	2021	2021
Talet på studiepoeng per fagleg årsverk (DBH)	577,65	560,76	590	426,96
Delen kvinner i dosent- og professorstillingar (DBH)	45,97	46,64	48	34,49
Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar (DBH)	10,04	12,66	9	12,93

Kommentarar sektormål 4:

Talet på studiepoeng per fagleg årsverk (DBH)

Det har vore ein god auke i produserte studiepoeng frå 2020 til 2021. Men den relative auken i faglege årsverk er større, noko som gir nedgang på denne parameteren. Alle fakultet har fleire faglege årsverk tilsett i 2021 enn i 2020.

Delen kvinner i dosent- og professorstillingar (DBH)

Høgskulen har samla sett ein god kjønnsbalanse i ordinære dosent- og professorstillingar, og hadde ein liten auke i del kvinner i dosent- og professorstillingar frå 2020. Eitt av fakulteta (FIN) slit likevel med låg del kvinner, og her vil det bli sett inn tiltak i 2022. Resultatet ligg under måtalet, men handlingsplan for likestilling, mangfald og inkludering ser ut til å ha bidrege positivt for utviklinga, der målretta rekruttering og kompetanseutvikling er viktige tiltak.

Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar (DBH)

Prosentdelen mellombelse tilsette i undervisnings- og forskarstillingar har auka til tross for fokus på å redusere omfanget her. Veksten finn ein spesielt i stillingskategoriane høgskulelærer og høgskulelektor, og skuldast mellom anna at ein på fagområde der det har vore vanskeleg å rekruttere kvalifiserte søkjarar med førstekompetanse, har tilsett i mellombelse stillingar. På grunn av eit generasjonsskifte på nokre fagområde, har det dessutan blitt satsa på interne kompetansehevingsstipend der tilsette får ekstra FOU-tid for å kvalifisere seg til opprykk til første- og toppstillingar. Dette har gitt behov for fleire vikarar for å dekke opp naudsynte undervisningsoppgåver ved fakulteta.

2. Utviklingsavtalen

Høgskulen på Vestlandet (HVL) skal bli eit universitet med ein profesjons- og arbeidslivretta profil der samspel, berekraft og nyskaping står sentralt. I utdanning, forskning og utviklingsarbeid skal HVL skape ny kunnskap og kompetanse som er forankra internasjonalt og som blir omsett til løysingar som verkar lokalt. Utviklingsavtalen peiker på tre område som HVL særleg må utvikle for å nå høgskulens strategiske mål og løyse vårt samfunnsoppdrag; regional utvikling, kvalitet og omfang av forskning, og utdanningskvalitet.

Målområde 1: Regional utvikling

HVL skal vere ein viktig aktør for innovasjon og framtidig verdiskaping på Vestlandet, som utviklar utdanningane og profesjonane med mål om å bidra til berekraftig utvikling og sjå utdannings- og kompetansebehova i regionen under eitt. Ambisjonen er å vidareutvikle studiestadene tett på studentar og arbeidsliv slik at den regionale utviklingsrolla blir tatt betre vare på. Høgskulen skal ta utgangspunkt i vestlandsk samfunns- og arbeidsliv og vere aktive i samfunnsdebatten. Samfunns- og arbeidsliv skal ha tilgang på relevant, internasjonal og framtidretta kunnskap som bidreg til regional utvikling og innovasjon.

Mål 1.1: HVL skal styrke praksisnær utdanning og forskning- og utviklingsarbeid (FoU) i klynge- og nettverkssamarbeid med regionalt samfunns- og arbeidsliv. Entreprenørskap, innovasjon og kommersialisering gjennom tverrprofesjonell og tverrfagleg samarbeid er berande element.

Status og utvikling: Samarbeidet med klynger og nettverk skjer både i det enkelte fagmiljø, på fakultetsnivå, på tvers av fakulteta og på institusjonsnivå. Klyngene er ein god inngang for fakulteta for å finne praksisplassar og problemstillingar knytt til både bachelor- og masteroppgåver, og for å utvikle nye utdanningar eller forskings- og utviklingsprosjekt. Gjennom året har det vore arbeid systematisk med å vidareutvikle partnerskap, og vere aktiv og deltakande på strategiske møteplassar og samarbeidsarenaer. Roller og ansvar for oppfølging av samarbeidsavtalar er skildra, og i løpet av året er Avtaleportalen lansert. Denne vil gje oversikt, støtte opp om og forenkle ekstern samhandling når heile organisasjonen tar portalen i bruk. Det vil likevel vere bruk for å få på plass eit verktøy for oppfølging av samarbeidspartnarar som har fleire funksjonar enn dagens avtaleportal. Eit bevisst auka fokus på samhandling og regional utvikling er realisert på ulike måtar i ulike fagmiljø; styrka koplinga av praksisfeltet til bacheloroppgåver, fristilling av ressursar for å systematisere samarbeidsrelasjonar og eksterne møtepunkt som fakultetet har gjennom året, samt felles fagseminar om aktuelle utviklingsområde av felles interesse.

Høgskulen har gjennom året bidrege i og samarbeida tett med ulike nettverk, klynger og organisasjonar rundt alle campusane for å skape relevante møteplassar for ulike fagmiljø og sektorar. Dette ved å setje dagsorden,

følgje opp politiske føringar og bidra i ordskifte. Noko har vore med regional forankring og fokus, medan HVL i andre samanhengar har tatt både ei nasjonal og internasjonal rolle. Ein av dei viktige møteplassane gjennom året var vår eigen HVL-konferanse⁹ i oktober som sette arbeidslivsrelevans på dagsorden med overskrifta: «Kva vil det seie å vere eit profesjons- og arbeidsretta universitet?» Der samla høgskulen folk frå akademia, arbeidslivet og politikken for å diskutere korleis universitet og høgskular kan jobbe for å samarbeide meir og betre med omverda. Konferansen vart føljt opp med ein eigen intern dag i etterkant for å drøfte meir konkret kva grep som må gjerast i ulike utdanningar for å styrke arbeidslivsrelevansen. Eksternt samarbeid og partnerskap gir gode moglegheiter for å utvikle utdanningane og forskinga, men det er krevjande med tanke på å rekruttere tilstrekkeleg mange nok med rett kompetanse for å svare på forventningane og behova i praksisfeltet og å setje av tilstrekkeleg tid til dette arbeidet.

Høgskulen er representert i fleire regionale kompetanseteam under Kompetanseforum Vestland, og har bidratt på fleire arrangement i den samanheng. HVL har invitert samfunns- og arbeidsliv og fylkeskommunen som utdanningsaktør til to Kompetanseforum Nord-Rogaland for å få innspel til forskings- og utdanningsporteføljen. Eitt av møta hadde fokus på kompetansebehov i offentlig sektor, og det andre på regional næringsutvikling. Høgskulen bidreg i Rogaland fylkeskommune sitt pågåande arbeid med å utvikle regional plan for kompetanse i Rogaland. Gjennom året har HVL deltatt på fleire seminar og arrangement knytt til ulike bransjar og profesjonar som har hatt kompetansopolitikk og framskrivning av kompetansebehov på dagsordenen.

⁹ HVL-konferansen: Kva vil det seie å vere eit profesjons- og arbeidsretta universitet? - Høgskulen på Vestlandet



Gjennom FORREGION-oppgdraget som HVL har for Vestland fylkeskommune, har HVL siste året samarbeida med om lag 150 små og mellomstore verksemder for å stimulere til forskingsdriven innovasjon. Dette er verksemder som i utgangspunktet har lite eller ingen erfaring med samarbeid med FoU-verksemder.

HVL samarbeider med kommersialiseringsaktørane Valide, VIS og Kunnskapsparken i Vestland om handtering av idear og oppfinningar med kommersielt potensial som er utvikla av tilsette. Grunna pandemien har det vore noko lågare aktivitet i 2021, men det har blitt gjennomført innovasjonsarrangement i Sogndal, Førde, og Haugesund. Totalt vart det registrert fem idear, seks patentsøknadar og ein lisensavtale i 2021. Dette vurderer høgskulen som gode resultat, ikkje minst når ein tar konsekvensane av pandemien i betraktning.

Mål 1.2: HVL vil stimulere til auka relevans i utdanning og forskning i samarbeidet med samfunns- og arbeidsliv.

Status og utvikling: Arbeidslivsrelevansmeldinga «Utdanning for omstilling» stiller høge krav til heile sektoren om å vere eksternt orientert, noko som passar godt med den profilen som er mål for universitetet vi bygger. Av tiltak som er gjennomført i 2021 er mellom anna tilsetjing av prorektor for regional utvikling og prodekanar med ansvar for regional utvikling i alle fakultet sett på som viktig. Eit anna viktig tiltak har vore å opprette ei ny avdeling - Avdeling for samfunnskontakt - arbeidsliv og livslang læring. Avdelinga vil ha ein samfunnskontakt på kvart campus. Dette vil styrke kapasiteten vår og gjere oss meir tydelege og tilgjengelege. Gjennom året har innspel frå samfunns- og arbeidsliv blitt samla opp, samanstillt og gjort tilgjengeleg som kunnskapsgrunnlag for framtidig prioritering av utdannings- og forskingsporteføljen.

Samarbeid med arbeidslivet i regionane har dessutan resultert i fleire forskings- og utdanningstiltak med ekstern finansiering:

- I prosjektet «Samskaping for eit berekraftig Sogn» samarbeider HVL, Sogndal kommune og Sogn regionråd om å utvikle emnet Berekraftig samskaping og lage nye møteplassar for samarbeid.
- Ei ny vidareutdanning i helse- og velferdsforvaltning skal betre den juridiske kompetansen hos tilsette i sektoren, og er eit samarbeid mellom HVL og NAV Vestland, statsforvaltaren i Vestland, Bergen kommune og Haugesund kommune.

- «Rådgiver for digital økonomi og ledelse» er eit samarbeid med ei rekkje partar, mellom anna NAV og aktørar i Kvinnherad, Øygarden, Osterøy, Voss og Ullensvang. Det skal utviklast eit desentralisert undervisningstilbod på 60 studiepoeng.
- HVL har med grunnlag i innspel frå næringslivet og finansiering frå Ulla Førre-fondet vidareutvikla det maritime forskingsenteret «Maritime Competence and Test Cluster Haugesund» (MarCATCH). Senteret dekkjer fagfelte grøn skipsfart, sikker skipsfart og digitalisering, med tryggleik som overordna paraply.



Liv Reidun Grimstvedt tok over som senterleiar for MarCATCH 1. oktober.

Delte eller kombinerte stillingar er eitt av grepa HVL jobbar med for å styrke arbeidslivsrelevansen, og høgskulen er fornøgd med å oppleve god vekst på dette området. Det varierer om dei tilsette har hovudstillinga si ved høgskulen eller hjå annan arbeidsgjevar, men fellestrekket er at dei har eit arbeidsforhold både ved høgskulen og i bransjar høgskulen utdannar kandidatar til, til dømes helseføretak og kommunar.

HVL gjennomfører ei kandidatundersøking i samarbeid med studentsamskipnaden, UiB og NHH annakvart år, og denne har vist at høgskulen sine kandidatar er veltilpassa på arbeidsmarknaden. I 2020 opplevde 90 % av respondentane at dei hadde ein relevant jobb, og relativt få var arbeidslause. Ny undersøking kjem hausten 2022.

Mål 1.3: HVL vil aktivt involvere studentane i FoU-arbeidet, auke forskingskompetansen hos høgskulens samarbeidspartnarar og bidra til berekraftig vekst og innovasjon.

Status og utvikling: HVL Skape er høgskulen sitt studenttilbod innan innovasjon og entreprenørskap. Det blir lagt vekt på å bygge entreprenørskapskultur og utvikle entreprenørielle ferdigheiter hos alle studentane. Eit viktig verkemiddel er FORNY STUD-ENT, som skal støtte gode innovasjonsprosjekt og bygge kapasitet i organisasjonen. HVL Skape har i 2021 mobilisert studentinnovasjonsprosjekt til ordninga. Fire studentgrupper leverte søknad og tre fekk støtte frå Forskningsrådet. HVL var institusjonen med tredje flest tilslag etter NTNU og UiO. Andre aktivitetar som blir vurdert som særleg viktige var innovasjonskonkurransen Startup i Haugesund, gjennomført i samarbeid med lokale samarbeidspartnarar, og idékonkurransen Rektors utfordring som fekk 22 deltakarar frå alle campusane og alle fakulteta.



Gründerprosjektet til ingeniørstudent Lars Birger Bergmål (t.v) og bachelorstudent i økonomi og administrasjon Ole Alexander Bakkevik (t.h) får 1 million i støtte fra Norges Forskningsråd.



I perioden 2019-2021 har arbeidet i HVL Skape i hovudsak vore finansiert av eksterne midlar. Dette har gitt utfordringar knytt til kapasitet, kontinuitet og forankring. Hausten 2021 vart det derfor vedtatt omorganisering og forsterka innsats, og dette vil bli iverksett i 2022.

I 2021 var det registrert 47 masteroppgåver knytt til forskingsaktivitet ved HVL, ein auke frå 42 i 2020. Det vart skrivne 27 masteroppgåver og 449 bacheloroppgåver i lag med offentlege eller private verksemder, noko som samla gir nedgang frå 2020 (42 og 460 oppgåver).

HVL har etablert ei eiga forskarlinje i grunnskulelærarutdanning, den første av sitt slag innan humanistiske fag. Formålet er å motivere studentane til å gå inn i ein forskarkarriere. Aktuelle kandidatar blir rekruttert det tredje studieåret. Seks studentar byrja på forskarlinja i 2021.

HVL har auke i ph.d.-kandidatar frå regionalt arbeidsliv som blir finansiert av nærings- og offentlig sektor ph.d.-ordningane i Forskningsrådet. Frå to kandidatar i 2020, gjekk ein opp til fem nye i 2021, og til saman har HVL sju kandidatar i desse ordningane (sjå ytterlegare omtale under verksemdsmål 3).

Høgskulestyret har vedtatt ny politikk og retningslinjer for forvaltning av immaterielle rettar (IPR) generert ved Høgskulen på Vestlandet. Desse regulerer rettane til ulike typar arbeidsresultat skapt av tilsette og studentar ved HVL, og viser prosessen for kommersialisering av arbeidsresultat der dette er aktuelt.

HVL-forskar Boris Balakin har fått midlar til å utvikle ny solfangar-teknologi der solvarmen blir betre utnytta.

Mål 1.4: HVL ser robuste campus og relasjonane mellom dei som sentrale verkemiddel i utviklinga av kjerneoppgåvene, på same måte som struktur-, kultur- og teknologiutvikling. Målet er å vidareutvikle campusane som attraktive arbeids- og studiestadar.

Status og utvikling: Det vart etablert eit campusutviklingsprosjekt i 2020, med oppstart for campus Stord. I løpet av 2021 vart det avvikla utviklingsverkstadar for campus Førde, Haugesund, Sogndal og Bergen, der det vart arbeidd med tiltak og strategiar for kvar campus. Rapportar for Stord, Førde og Haugesund er lagt fram for styret, og rapportar for Sogndal og Bergen er under arbeid. Målet er å legge fram ein strategi for vidareutvikling av HVL og campusane i 2022 (sjå omtale av campusutviklingsplanar i kapittel IV).

Det er gjort fleire tiltak for å få meir levande campusar. Campusbiblioteka er oppgradert både i Førde, Stord og Haugesund, det er jobba med å bygge opp læringslabar ved fleire campus (sjå utviklingsavtalen mål 3.1) og på nokre campusar er tilbodet om rettleiing i språk og skriving (ved fysisk oppmøte) utvida. «Global Lounge» er ein ny, fysisk møteplass på alle campusane. Formålet er å legge til rette for at internasjonale og norske studentar kan bli kjende med kvarandre. Studentassistentane for internasjonale studentar brukar møteplassen til arrangement for studentane. Dette inneber ei meir aktiv tilnærming til integrering av internasjonale studentar.

Læringslaben på Stord blei opna 20. januar, og står klar for innrykk av studentar, tilsette og omverda rundt høgskulen.



Målområde 2: Styrke kvalitet og omfang av forskning

HVL er ein fusjon av tre tidlegare høgskular og målet med samanslåinga var å bygge sterkare og meir solide fag- og forskingsmiljø enn det dei tre tidlegare høgskulane ville klart kvar for seg. Kjenneteikna skal vere praksisnær i si forskingsinnretting og med profesjons- og arbeidslivsretta forskingsprogram på tvers av studiestadane. Brukarane av høgskulen sin kunnskap og kompetanse skal aktivt involverast.

Mål 2.1: HVL vil aktivt arbeide med å auke delen tilsette med fyrstekompetanse og professor- og dosentkompetanse, gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid, og tilsette med solid arbeidslivserfaring. Den samla kompetansen skal byggast saman med samfunns- og arbeidsliv.

Status og utvikling: HVL har samla sett hatt ei god utvikling i første- og toppkompetanse dei siste åra gjennom blant anna strategiske tilsetningar og kompetansehevingsprogram. I 2021 har veksten flata ut. Den same tendensen ser ein for fleire av universiteta som HVL samanliknar seg med.

Det blir arbeidd godt med kompetanseheving for vitenskapleg tilsette, mellom anna gjennom eigne program for dei vitenskaplege karrierestigane. Interne strategiske midlar blir nytta til kvalifiseringsstipend til dosent og professor, til forskarstipend, stipendiatstillingar og til førstelektorkvalifisering. Særleg i form av tidsressurs som tillegg til vanleg FoU-tid. Internt er det fakultetsvise skilnader i utviklinga, der nokre fakultet i stor grad kan karakteriserast som “motorar” i auken av toppkompetanse, framfor andre.

I samband med universitetsambisjonen er 13 utvalde forskarmiljø (U13) styrka gjennom finansiering av treårige internasjonale professor II-stillingar, toårige postdoktor-stillingar og tilskot til arbeid med søknadar til EUs forskings- og innovasjonsprogram. Midlane var løyvd i 2020, og tilsetningane er kome på plass i 2021. Ein har forventning til at dette mellom anna skal bidra til auke i ekstern finansiert forskning og utdanningsverksemd, nettverksbygging, men også ei auke i den vitenskaplege publiseringa.

Nye stipendiatstillingar er del av ei intern incitamentordning knytt til ekstern finansiering av forskning, der interne strategiske midlar blir nytta til å forsterke prosjekt finansierte av eksterne kjelder (særskilde kriterier). I dei tre åra denne ordninga har vart, er det tildelt i alt 21 stipendiatstillingar. I 2021 har ordninga finansierte 9 stipendiatstillingar til nye forskingsprosjekt.

Frå 2022 er ordninga opna for også å finansiere postdoktor-stillingar. Ordninga bidreg til å forsterke dei respektive fagmiljøa.

Høgskulen ønskjer i større grad å gje eins tilbod for kompetanseheving til alle vitenskaplege tilsette, og har utvikla eit digitalt verktøy, Kompis, som vart lansert i mai 2021. Dette systemet gir HVL oversikt over fagleg tilsette sin kompetanse og høve til å kartlegge behov og identifisere kva område HVL bør satse på. Ein vil òg sjå på vinsten i å samkøyre tiltak for heving av kompetanse på tvers av fakulteta der det er mogleg.

HVL har i samarbeid med Universitetet i Stavanger utvikla programmet «Forskingsleiing på Vestlandet». Etter planen skulle 15 deltakarar frå kvar av dei to institusjonane gjennomføre programmet i 2020, men pandemien førte til at kurset først vart gjennomført i 2021. Programmet skal gje deltakarane kunnskap om og tryggleik i rolla som forskingsleiar, og styrke handlingsrommet til den enkelte leiar gjennom å bli kjend med verktøy til bruk i den praktiske arbeidskvardagen. Eit slikt tilbod på tvers av institusjonar skapar også nye faglege relasjonar og nettverk.

Høgskulen har sett i gang arbeidet med å oppnå EU-sertifiseringa Charter and Code, som gjennom HR-systemet skal styrke forskingskvaliteten, fremme mobilitet og forskarane si karriere, og gjere forskingsmiljøa meir konkurransedyktige.

Mål 2.2: HVL vil aktivt arbeide med å sikre høg internasjonal kvalitet i forskingsaktiviteten, gjennom meir internasjonalt prosjektarbeid og auka vitenskapleg publisering. Målet er å vere på nivå med dei norske universiteta med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Status og utvikling: HVL har hatt auka uttelling i Forskningsrådet dei siste åra, men søknadstala og resultatane svingar frå det eine året til det andre. Det er ein krevjande konkurranse om midlane, og prioriteringane i utlysingar treff ikkje fagmiljøa like godt kvar gong. Mange toppforskarar har også allereie store



Høgskulen på Vestlandet blei i år kåra til årets Erasmus-institusjon av Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse.

prosjekt å følge opp, og må prioritere desse. I 2021 fekk HVL innvilga 7 av 44 søknadar, til ein verdi av 84,7 mill. kr. Tala er relativt stabile i forhold til tilsvarande tal for føregående år, og høgskulen er rimeleg nøgd med det.

Nytt EU prosjekt (H2020) søkt og løyvd i 2020 starta opp i mars 2021 (Pioneer). Talet på søknadar til Horisont 2020 og Horisont Europa for 2021 er til saman 26. Totalt har desse søknadane ein verdi av i overkant av 12 mill. euro. I fire av søknadane er HVL prosjekt-eigar. Høgskulen har nyleg fått beskjed om tilslag på i alt 3 nye EU-prosjekt, der HVL er prosjekteigar i det eine (SENSE).

HVL har fått solid tildeling innafor internasjonalt utdanningssamarbeid i 2021. Mellom anna har vi auka talet søknadar til Norpart og kapasitetsbyggingsprosjekt utafor Europa, og har hatt jamt gode tal på søknadar til UTFORSK-programmet og Nordplus. EUs ramme-program for utdanning, Erasmus+, har særleg fått positiv merksemd det siste året. HVL fekk innvilga to søknadar som koordinator og seks partnersøknadar. Denne stadig positive utviklinga vart, saman med den solide forankringa av Erasmus+ i organisasjonen, trekt fram som sær positive faktorar då Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse kåra HVL til årets Erasmusinstitusjon i 2021.

Gjennom ei mengde tiltak har HVL hatt stort fokus på å få til ei stadig auke i eksternfinansiering og vitskapleg publisering. Av tiltak som blir vurdert som særleg viktige er mellom anna den nemnte satsinga gjennom U13. Auken i søknadar til desse forskarmiljøa har så langt vore noko lågare enn vi håpa på. Opparbeiding av kompetanse på slike søknadar til EU og praktisk tilrettelegging for søknadsskriving ser ut til å krevje ei meir langsiktig omstilling. Styrking av EU-kompetansen og profesjonalisering av prosjektoppfølgning i det administrative støtteapparatet har òg vore ein viktig prioritet. Dette fagmiljøet har auka sin kapasitet gjennom nyttilsetting av seniorrådgivar med lang erfaring frå oppfølging av prosjekt i EU-kommisjonen, samt at fagmiljøet er styrka med etablering av eit prosjektoppfølgings-team for større nasjonale og internasjonale prosjekt. Forventa effekt av dette er mellom anna betre fagleg og administrativ oppfølging av eksterne prosjekt og mogleg fleire søknadar.

Våren 2021 arrangerte HVL for første gang ein «Master class» for kandidatar som ville søkje Marie Skłodowska-Curie Actions Postdoctoral Fellowships (MSCA-PF, Horizon Europe) med HVL som vertinstitusjon. Ved oppstart var det rekruttert 7 kandidatar. Desse skulle få individuell og felles oppfølging. Prosessen enda med at til saman 5 kandidatar frå fire ulike land leverte søknad. Resultat av søknadane vil føreligge våren 2022. Prosessen blir vurdert som nyttig og vil bli vidareført i 2022.

For å stimulere fleire forskarar til å søke om midlar frå Forskningsrådet og Horisont Europa (HE) er det sett av midlar til frikjøp og oppfølging av forskarar og forskingsgrupper. Det har vore arrangert ei eiga seminarrekke om EU-søknadsskriving (Horisont 2020 og Horisont Europa). Her har framifrå forskarar og administratorar frå heile forskingsøkosystemet i EU og utanlandske universitet presentert sine erfaringar og analyser om korleis nå fram i konkurransen om dei store prosjekta.

HVL samarbeider tett med NCPane (Nasjonale kontaktpersonar for Horisont Europa) i Forskningsrådet, og deira konsulentfirma PNO. Særleg i arbeidet med MSCA (Marie Skłodowska-Curie Actions – stipend) og ERC (Det europeiske forskningsrådet), men også ved store koordinatorsøknadar til Horisont Europa, har vi nytte av denne støtta.

HVL er partner i 2 regionale EU-nettverk i Vestland og Rogaland. Begge desse nettverka er nye i 2021. HVL er også medlem i Vest-Norges Brusselkontor, og Stavangerregionens Europakontor.

Målområde 3: Utdanningskvalitet

HVL sine utdanningar skal vere FoU-baserte med ei klar merksemd på profesjonsforståing. Utdanningane skal vere innretta slik at studentar og kandidatar kan bidra til kvalitetsforbetring, innovasjon og berekraftig verdiskaping. Utdanning skal vere tilgjengeleg for fleire i eit livslangt læringsperspektiv. Høgskulen si digitale satsing skal vere i kunnskapsfronten, og skal sikre effektiv kunnskaps- og informasjonsdeling. Internasjonalisering skal stå sentralt i alle utdanningar, og det er eit sentralt mål å auke både student- og tilsettemobilitet.

Høgskulen er med i ein samarbeidsallianse med seks europeiske universitet som skal søkje om å bli medlem av European Universities i 2022. Prosjektet omfattar både forskings- og utdanningssamarbeid i eit strategisk og langsiktig perspektiv. Gjennom prosjektet vil alliansen utvikle ein felles langtidstrategi for utdanning, styrke koplingar mellom utdanning, forskning og innovasjon og tilby grader som kombinerer studium i fleire land. Deltaking i denne alliansen har allereie ført til auka aktivitet og fleire samarbeid: HVL har sett i gang arbeid med ein annan institusjonsovergrepande søknad til European Institute of Technology saman med fleire av desse partnarane, samt fått innvilga eit EØS-prosjekt med ein av partnarane.

Tala for publisering i 2021 kjem i april. I 2020 var delen publikasjonar med internasjonalt samforfatterskap 54%. Den internasjonale sampubliseringa er i god utvikling og i 2020 var for første gang delen av både publikasjonar og poeng med internasjonalt samarbeid over 50%. HVL har hatt ei jamn auke i den vitskaplege publiseringa dei siste åra, og alt tyder på at målet om 0,72 publikasjonspoeng per fagleg årsverk for 2021 vil bli nådd. Auken i talet på publiseringar er større enn auken i UFF-årsverk, og det er lovande for utviklinga framover.



PRISVINNARAR: Marcin Fojcik, Toril Midtbø, Joar Sande og Lars Kyte tok imot prisen på vegner av lærargruppa frå campus Førde. Også med i gruppa er Olav Sande, Bjarte Pollen og Pål A. Hegland.



Mål 3.1: HVL skal utvikle framtidens, varierte og studentaktive lærings- og vurderingsformer for å heve kvaliteten på utdanningane og gjere relevant kunnskap tilgjengeleg for samfunns- og arbeidsliv.

Status og utvikling: Høgskulen har hatt stor vekst knytt til tal studentar både på desentralisert og nettbasert undervisning, både på bachelor og master i tillegg til vidareutdanningsprogram. Dette er ei utvikling vi vurderer som god. Hausten 2021 var det totalt 1410 studentar på undervisning som anten var heilt nettbasert, eller ei blanding av nett- og samlingsbasert, mot 575 i 2020. Fleire av fakulteta sine studieprogram har lagt om til ein meir fleksibel modell, og to av fakulteta har dobla tal studentar i denne kategorien, medan eitt fakultet har gått frå 0 til 255 studentar. Om lag halvparten av studentane har praksis i utdanninga si.

HVL har oppretta Avdeling for utvikling av læring og undervisning (ALU) som eit tiltak for å gje ekstra støtte, kurs og nettbaserte opplæringsstilbod for å bidra til vidareutvikling av lærings- og vurderingsformer, samt auke kunnskap om digitale ressursar hos tilsette. Medielab, som er høgskulen si kompetanseining for utvikling og bruk av digitale media og ny teknologi i undervisning, forskning og formidling, inngår i avdelinga. Dei utdanningsmiljøa som har søkt om

eksternfinansiering av prosjekt knytt til utdanning og har ønskt støtte, har fått det. I tillegg har det høgskulepedagogiske tilbodet økt kapasiteten frå 35 til 100 deltakarar. Ein sentral del her er nettopp «framtidens, varierte og studentaktive lærings- og vurderingsformer». Det er likevel dei fagtilsette sjølv som hever kvaliteten på utdanningane. ALU kan gje støtte, men jobben blir utført ute i fakulteta både gjennom grunnutdanningane og tilboda innanfor livslang læring.

Basert på regjeringa sin strategi for digital omstilling i universitets- og høgskulesektoren, starta høgskulen hausten 2021 eit arbeid for å identifisere område der HVL kan, og bør, rette sin innsats knytt til digitalisering. Fleire av desse innsatsområda er knytt til å løfte den digitale kompetansen hos vitskapleg tilsette, samt forsterke og målrette støttefunksjonane. Det blir jobba vidare med desse områda som egne prosjekt i 2022.

Eit tiltak knytt til læringsmiljø som blir vurdert som viktig, er satsinga på læringslabane der tilsette fungerer som ressurspersonar for både tilsette og studentar. Det blir mellom anna gitt tilbod om opplæring i mindre grupper på lågterskelnivå, noko som har vore populært. Læringslab i Bergen vart opna og læringslabane på Stord og i Sogndal vart bygd opp med utstyr og tilsette i 2021. Det er òg engasjert studentassistentar slik at ein

kan halde labane opne frå 08.30-19.00. Læringslabane kommuniserer gjennom hurtignett både med kvarandre, med Medielab og med Bergen Media City. Dette gir eit stort potensial for auka samhandling i sanntid. Medielab har fått oppgradert sitt utstyr og personalet har fått opplæring i bruk av høgteknologisk utstyr til medieproduksjon. Fleire konferansar, seminar og workshops både nasjonalt og internasjonalt er gjennomført med støtte frå Medielab og Læringslab. Læringslab har gjennom året hatt eit nært samarbeid med Bergen kommune. Kommunen har hatt to personar med spisskompetanse i læringsteknologi tilgjengeleg i Læringslab. Desse har hatt ansvar for kompetanseutvikling blant lærarar i skulane i kommunen. Studentar og undervisarar ved HVL har full tilgang både til opplæringa som går føre seg i regi av kommunen og teknologien dei gir opplæring i. Dette er godt mottatt i fakulteta. Arbeidet med liknande avtalar i nærområdet for dei andre fire læringslabane er påbegynt.

I 2021 gjennomførte HVL ei periodisk evaluering av den samla studieporteføljen. Denne evalueringa er forankra i høgskulen sitt Rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane, og har hatt særleg fokus på dei prioriterte områda strategisk betydning, etterspurnad (her forstått som studentrekruttering) og økonomisk berekraft i studieporteføljen. Den periodiske evalueringa skal gje styret eit grunnlag for å utvikle langsiktige føringer og rammer for vidare strategisk utvikling av den samla studieporteføljen. Tidsramma for prosjektet har ikkje gjort det mogleg å orientere breitt i organisasjonen eller eksternt om dei funn som har blitt avdekkja og systematisert i evalueringa. Dette skal derfor følgast opp vidare i 2022.

Gjennomgåande utdanningsløp var eit overordna tema for evalueringa. Rapporten syner at dei aller fleste studentar som startar på ei bachelorutdanning kan gå vidare i utdanningsløpet til og med ph.d. på HVL – men at det varierer i kva grad eit masterløp er profesjonsretta eller har ei breiare innretning. Vi ser òg at nokre av løpa er meir sårbare enn andre når det gjeld rekrutteringsvegar og studenttilgang og at i ei vidare utvikling av porteføljen, enten ved å legge ned eller etablere nye studietilbod, må ein ha merksemd på rekrutteringsgrunnlag for ph.d.-utdanningane. Dette handlar også om å sikre eit godt samspel mellom FoU- og utdanningsverksemda ved høgskulen.

Ei utvikling av porteføljen mot meir profesjons-spesifikke mastertilbod – enten som egne utdanningsprogram eller som studieretningar, eller smale bachelorprogram – kan utfordre den økonomiske berekrafta for enkeltprogram. Her må strategiske omsyn knytt til vår profil som ein profesjons- og arbeidslivsretta institusjon bli vurdert opp mot økonomisk berekraft. Dei same vurderingane må bli gjort i forhold til å svare på forventningar om å tilby utdanning i lys av livslang læring. Det er ei målsetjing å svare på regionale utdanningsbehov, men vi må i vurderingane også ta omsyn til økonomisk berekraft og tilstrekkeleg tal studentar. Det gjeld både om det er eksternt eller internt finansierte tilbod.

Kandidatundersøkingar syner at det er etterspørsel etter dei kandidatane HVL utdannar. I vår samhandling med omgjevnadene ser vi likevel at det er behov vi ikkje i stor nok grad svarar på. I arbeidet med å utvikle nye studieprogram ser HVL at det er viktig med ei systematisk tilnærming til bruk av eksterne datakjelder som til dømes SSB, årlege rapportar frå fylkeskommunar og tilbakemeldingar frå næringslivet, som kan gje betre kunnskap om rekrutteringsgrunnlaget.

På bakgrunn av kunnskapsgrunnlaget i rapporten og innspel frå fakulteta om vidare prioriteringar er det peikt på fleire område HVL bør arbeide vidare med knytt til utvikling av studieporteføljen, mellom anna med omsyn til økonomisk berekraft og sikring av ei heilskapleg vurdering av målsettingane om meir fleksibilitet og tilgang på utdanning opp mot HVL sine mål om levande og berekraftige campus.

HVL har hatt ei positiv utvikling innan internasjonalt utdanningssamarbeid. Gjennom deltaking i desse programma får fagmiljøa støtte til aktivitetar som utvikling av nytt pensum og felles emne, innovative læringsmetodar og læringsaktivitetar. Dette skjer i samarbeid med utvalde partnerar frå både sektoren og arbeidsliv. På den måten bidreg den positive utviklinga innanfor internasjonalt utdanningssamarbeid òg til å auke kvaliteten i utdanningane våre. Til dømes fekk HVL tilslag på ein søknad om å bygge ein kultur for internasjonalisering i studieprogramma og utvikle mobilitetsvindauger med partnerar i Europa.

Studentutveksling i 2021 blei, som i 2020, prega av koronapandemien. I 2021 har det derfor vore jobba med å auke kunnskapen om IaH (Internasjonalisering heime) i

organisasjonen gjennom workshop om dette tema. Der var det mellom anna foredragshaldarar frå Hague University of Applied Sciences, og dei hadde også to seminar for leiinga. Internasjonalisering heime er eit viktig verktoy for å bidra til at alle studentar får eit internasjonalt perspektiv og global kompetanse. Det har vore eit særskilt fokus på utvikling og bruk av virtuell utveksling – «collaborative online international learning» (COIL). Desse prosjekta har involvert over 200 studentar og har bidrege til å gje dei auka fagleg og interkulturell kompetanse.

Mål 3.2: HVL vil aktivt søkje samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar spesielt der institusjonane har komplementær kompetanse. Eit særskild samarbeid med institusjonar på Vestlandet vil bidra til auka konkurransekraft i heile regionen.

Status og utvikling: HVL samarbeider med Universitetet i Stavanger (UiS), Høgskulen i Volda (HVO) Universitetet i Agder (UiA), NLA Høgskolen og Universitetet i Bergen (UiB) mellom anna i UH-nett Vest, men her har det vore liten aktivitet i 2021. Rektor er dessutan fast medlem i Kompetanseforum Vestland saman med Norges Handelshøyskole (NHH), UiB, NORCE og partar frå arbeidslivet. Nettverket er koordinert av Vestland

fylkeskommune. I Samarbeid for utdanning og forskning i Helse Vest har høgskulen eit tett samarbeid med UH-institusjonane på Vestlandet og i landet elles. På grunn av pandemien har dette samarbeidet vore ekstra tett i 2021. I tillegg er det eksterne medlemmer i diverse råd og utval ved høgskulen, både frå andre utdanningsinstitusjonar, som mellom anna Universitetet i Sørøst-Norge og NTNU, i tillegg til representantar for privat og offentleg næringsliv. Samarbeidsforuma og møteplassane bidreg til både kompetanse- og erfaringsdeling på mange ulike område, samt at vi får nyttige innspel og råd for utviklingsområde HVL kan jobbe vidare med.

Det har ikkje vore eigne møte med UiB om lærarutdanning i 2021, men begge institusjonane deltar og møtast på andre relevante samhandlingsarenaer både nasjonalt og på Vestlandet, som t.d. samarbeid om desentralisert kompetanseutvikling i skulen (DeKomp), Universitets- og høgskolenettet på Vestlandet (UH-nett Vest) og Universitets- og høgskolerådet (UHR). UHR sine fagstrategiske einingar er nasjonale samordningsarenaer for medlemsinstitusjonane og gir råd til UHR sitt styre. Dei fagstrategiske einingane dekkjer universitets- og høgskulesektoren sine ulike fagområde, og HVL har mellom anna hatt fleire leiarverv der.



3. Verksemdsmål

Tabellen under viser status for prioriteringane knytt til dei ulike verksemdsmåla for 2021, per januar 2022. Dette må sjåast i samanheng med det som er skrive under utviklingsavtalen, då høgskulen i interne dokument og prosessar har integrert verksemdsmåla og måla i utviklingsavtalen under fire ulike strategiområde.

Verksemdsmål 1: HVL skal vere kjend for å ha studentar som trivst og lukkast.		
Prioritering (jf. årsplan 2021)		Status
1	Sikre gode læringsmiljø, møteplassar og arenaer for medverknad i ein meir digital studiekvardag, med særskilt merksemd på førsteårsstudentane.	Det er i 2021 innført mentor-/studentassistent-ordning med særleg merksemd på førsteårsstudenten. Ordningane har fokus på både sosial og fagleg integrasjon og vektlegging av eit inkluderande læringsmiljø, som også er innhald i eit eige opplæringsprogram som er utarbeidd for mentorane/assistentane. Til tross for gode tilbakemeldingar frå deltakarane har oppslutnaden om arrangementa vore litt varierende, og det må jobbast vidare med å gjere ordningane betre kjent og attraktive for førsteårsstudentane. I 2021 har det vore satsa på oppbygging av læringslabbar ved høgskulen (jf. omtale under mål 3.1 i utviklingsavtalen). Det har også vore fokus på universell utforming av alle digitale løysingar retta mot studentar, både på programvare og innhald. All intern applikasjonsutvikling har universell utforming som krav, og det er fokus på å rekruttere særskilt relevant kompetanse. Det er dessutan investert i meir programvare som skal gjere det enklare for undervisarar å følgje krava. Gjennom eit forprosjekt har vi kartlagt status ved HVL og på bakgrunn av dette er det lagt planar for det operative arbeidet vidare i 2022.
2	Halde fram offensiv og målretta satsing på studentrekruttering til alle campus, med ekstra fokus på utvikling av digital rekrutteringsstrategi.	HVL jobbar kunnskapsbasert og analytisk i satsingane knytt til studentrekruttering, med grunnlag i eksempelvis ei årleg rekrutteringsundersøking til nye studentar, og opptaksrapport som analyserer og vurderer trendar og utvikling i søkjartal og søkjargrunnlag. Vi har ei brei strategisk tilnærming til digital rekruttering. Utviklinga av nettsider, sosiale kanalar og vår digitale marknadsføring blir jamleg tilpassa endringar både i brukaråtfærda til målgruppene og i sjølve medieplattformene/kanalane. Effekten av dette viser igjen ved at HVL samla sett rekrutterer godt.
Verksemdsmål 2: HVL utdannar kritisk reflekterte kandidatar som er attraktive for arbeids- og samfunnsliv regionalt, nasjonalt og internasjonalt.		
Prioritering (jf. årsplan 2021)		Status
1	Sikre relevante utdanningar ved å følgje opp dei formelle samarbeidskanalane som er etablert ved etablering og vidareutvikling av studieprogram.	Bortimot alle våre studentar er godt integrerte i arbeidslivet raskt etter studia, jf. omtale under utviklingsavtalen mål 1.2. Det blir nytta eksterne representantar frå arbeidslivet i studieplankomitear for å få innspel ved utvikling av nye studieprogram, og desse var viktige bidragsytarar både i utviklinga av det nye bachelorprogrammet nautikk med integrert praksis og master i sosialvitenskap. Eksterne fagfellar og representantar frå arbeidsliv bidreg også i vidareutvikling av studietilboda våre gjennom deltaking i studieprogramråd og periodisk evaluering. Profesjonsutdanningane ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett og Fakultet for helse- og sosialvitenskap har til saman meir enn 690 faste praksisavtalar og meir enn 8 300 studentar ute i praksis kvart år. Det er også tilrettelagt for praksisopphald eller oppgåver/prosjekt i samarbeid med arbeidslivet på fleire av utdanningane våre.

2	Sikre eit relevant og tilstrekkeleg tilbod innan livslang læring (etter- og vidareutdanning og fleksibel utdanning).	Livslang læring er styrande prinsipp for utviklinga av studieporteføljen ved alle fakulteta, og alle fakulteta har studietilbod som er fleksible og/eller desentralisert organisert. HVL har gjennom året hatt tilbod innan bransjeprogramma for reiseliv, maritim næring og elektro-, automasjons-, fornybar- og kraftnæringa. Gjennom året har det vore fleire utviklingsprosjekt for å kunne tilby fleire fleksible tilbod innanfor både etter- og vidareutdanning og masterutdanning for mellom anna helse- og velferdssektoren og fleksibel ingeniørutdanning for fagskulekandidatar. Det er utvikla ei ny samlingsbasert grunnskulelærerutdanning som startar hausten 2022. Også i 2021 har HVL vore ein av dei største tilbydarane nasjonalt av kompetanseutvikling for barnehage og skule.
3	Sikre at alle studentar får ein internasjonal dimensjon i studieprogrammet ved å ha fokus på opplæring og utvikling av verktøy for internasjonalisering av læringsutbytte.	I tillegg til COIL-prosjekta og tiltaka knytt til Internasjonalisering heime (IaH) omtalt under utviklingsavtalen mål 3.1, har det blitt etablert ei ressurside for tilsette med tiltak og verktøy for å sikre ein internasjonal dimensjon i utdanningane.
4	Arbeide for auka utveksling, og prioritere satsing på Erasmus+ avtalar.	Det har blitt gjennomført eit stort arbeid med fornying og kvalitetssikring av alle Erasmusavtalar ved alle fakultet. Dette vil bidra til å legge til rette for at fleire kan velje Erasmus. Det er òg laga ein Erasmus promoterings-video, som har blitt vist på Instagram og på informasjonsskjermer på dei ulike campusane. I tillegg vart det sett i gang eit pilotprosjekt der utvalde fagmiljø fekk støtte til å utvikle førehandsbestemte emnepakkar for studentutveksling. Desse fagmiljø sine emnepakkar vart integrert i utvekslingsappen (som beskrive i kommentar til parameteren Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar under sektormål 1), og kan søkjast for utveksling til haustsemesteret 2022. Dette arbeidet bidreg til at internasjonal mobilitet i endå større grad blir ein integrert del av studieprogramma.



Høgskulen utviklar nytt opplæringsprogram for rettleiarar til ph.d.-kandidatar.

Verksamds mål 3: HVL driv profesjons- og praksisretta forskning av høg internasjonal kvalitet i samarbeid med næringsliv og offentleg sektor.	
Prioritering (jf. årsplan 2021)	Status
1	<p>Ei meir solid forskarutdanning, og god gjennomstrøyming i ph.d.-programma.</p> <p>Ved utgangen av 2021 var det registrert 178 ph.d.-kandidatar. Høgskulen har dermed nådd sitt mål om at kvart doktorgradsprogram (med unnatak av fellesgraden) over ein periode på fem år skal ha tatt opp i gjennomsnitt minst 15 kandidatar. Talet på avlagte doktorgrader er noko lågare enn venta (10 av 17), og forseinkinga skuldast ein kombinasjon av arbeidssituasjonen under pandemien og anna justering av finansieringsperiode/ph.d.-periode, samt at nokre av dei forventa disputasane av ymse årsaker er lagt til tidleg 2022 i staden for seint 2021. Dei ti avlagte doktorgradene var fordelt på tre av doktorgradsprogramma, «Studiar av danning og didaktiske praksisar» (6), «Datateknologi» (3) og «Helse, funksjon og deltaking» (1). I 2022 er det forventa disputasar i alle HVL sine fem ph.d.-program. Første disputas i «Ansvarleg innovasjon og regional utvikling» vart gjennomført i februar 2022.</p> <p>Som eit ledd i kvalitetssikring av doktorgradsutdanning ved HVL, er det i 2021 etablert eit felles tilbod om rettleiaropplæring. I justert ph.d.-forskrift gjeldande frå 1.8.2021 er mynde flytt frå Sentralt ph.d.-utval til dekan, noko som vil bidra til å forenkle sakshandsaminga frå innlevering av avhandling til disputas.</p> <p>HVL ynskjer å legge til rette for både fleire offentleg sektor-ph.d- og nærings-ph.d-kandidatar og har ved slutten av 2021 til saman 7 kandidatar finansiert gjennom desse ordningane, der 5 var nye i 2021 (4 offentleg sektor-ph.d-kandidatar og 1 nærings-ph.d-kandidat). Det viktigaste momentet for denne veksten er at dei fagtilsette og leiarar har fått innsikt i ordninga, som dei formidlar ut blant sine samarbeidspartnarar/-verksemder. HVL har også ei eiga intern ordning for korleis ein følgjer desse initiativa opp i søknads- og etableringsfase.</p>
2	<p>Auka vekst i ekstern finansiering av forskning, internasjonalisering og innovasjon.</p> <p>Talet på søknadar til Forskningsrådet gjekk noko ned i 2021, men samla størrelse på løyvingane har auka. Talet på søknadar til Horisont Europa der HVL er koordinator har auka i 2021. I tillegg til tiltak omtalt under utviklingsavtalen mål 2.2 (frikjøp og oppfølging av forskarar og forskargrupper, «Master class» for søkarar som ville søkje Marie Sklodowska-Curie Actions Postdoctoral Fellowships (MSCA-PF), internasjonalt utdanningssamarbeid og samarbeid med NCPane i Forskningsrådet) har det i samband med lanseringar av nye program og utlysingar i Forskningsrådet og Horisont Europa vore arrangert mobiliseringsseminar både på fakultetsnivå og fellesnivå. Forskningsrådgivar-kapasiteten er styrka for prosjektutvikling mot EU, og for oppfølging av pågåande prosjekt.</p> <p>Fakulteta og administrasjonen har eit godt opplegg for oppfølging av interesserte søkjarar, der hovudelementa består av seminar, workshop og individuell rettleiing. Fakulteta er ulikt representert i søknadar og prosjekt i EU sine rammeprogram. I det vidare arbeidet med å legge til rette for deltaking på desse viktige samarbeidsarenaene må HVL finne ein balanse mellom breidde og ei spissa satsing på dei mest lovande og motivererte miljøa.</p>

3	Arbeide for å auke den vitenskapelige publiseringa.	<p>Alle fakulteta har jobba målretta med tiltak over fleire år for å auke publiseringa. Formålet med dei vitenskaplege karrierestigane og kompetanseprogramma i fakulteta, med tildelingar av kvalifiseringsstipend til dosent og professor, forskarstipend, stipendiatstillingar og førstelektorkvalifisering, er mellom anna å legge til rette for at desse tilsette skal få tid til å publisere meir. Dette ser særleg ut til å ha god effekt hos tilsette på veg mot toppkompetanse.</p> <p>Det har vore arbeidd strategisk med nytilsetjingar, der ein har lagt vekt på å rekruttere tilsette med høg kompetanse, mykje erfaring med publisering og prosjektarbeid, og internasjonale nettverk.</p> <p>Forskningsinfrastrukturen er blitt betre i og med etableringa av forskingsgrupper og –program, som mellom anna organiserer møter, seminar, og liknande. Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett heldt heildagsseminar med publisering som tema i 2021, og Fakultet for helse- og sosialvitenskap hadde intern forskingsdag. Sistnemnde har òg bidrege til at eit nytt verktøy for systematiske litteraturgjennomgangar er blitt kjøpt inn og tatt i bruk. Det er ei satsing som er gjort for å lette og auke kvaliteten på arbeid som ligg til grunn for vitenskapelig publisering.</p> <p>Publiseringstala for HVL har gått opp i fleire år, noko som tyder på at arbeidet ber frukter, sjølv om det er vanskeleg å måle den direkte effekten av dei einskilde tiltaka etter kort tid.</p>
4	Auke merksemda på open forskning.	<p>Det vart i 2021 jobba fram ein ny policy for open deling av forskingsdata (Retningslinjer for forvaltning av forskingsdata ved HVL). Talet på publikasjonar i opne kanalar (gull open access) finansiert av HVL sitt publiseringfond og publisering- og les-avtalar aukar stadig. Det er framleis ein jobb å gjere for å få forskarane til å laste opp tekstar for publisering i HVL Open (grøn open access). HVL har deltatt aktivt i nasjonalt samarbeid om Open Access Week.</p>

Verksemndsmaal 4: HVL har styrka internasjonalt samarbeid om forskning, utviklingsarbeid og innovasjon.

Prioritering (jf. årsplan 2021)		Status
1	I større grad delta i internasjonale nettverk og partnerskap knytt til sine satsingsområde.	I tillegg til fornying av Erasmusavtalar omtalt under verksemndsmaal 2 (prioritering 4), er høgskulen i gang med å kartlegge internasjonale nettverk, både på institusjonsnivå og i fakulteta.
2	Arbeide strategisk med internasjonalisering i heile organisasjonen.	Det har vore jobba med måla i Handlingsplanen for internasjonalisering for 2021-23. Mellom anna har det vore fleire saker oppe i Toppleiinga som omhandlar internasjonalisering, til dømes ei sak om operasjonisering av Panorama- og EU-strategiane, og ei sak knytt til stortingsmeldinga om studentmobilitet i høgare utdanning. I samband med sistnemnde og målet om auka studentmobilitet vart det kartlagt korleis kapasiteten rundt dette er organisert i ulike delar av HVL, slik at ein skal kunne gjere tiltak for å legge til rette for denne veksten. Ein starta òg eit arbeid med å innføre Charter & Code (jf. utviklingsavtalen mål 2.1).

3	Auke bruken av digitale løysingar og verktøy i internasjonaliseringsarbeidet.	Det har blitt gjennomført fleire seminar og workshops med fokus på virtuell utveksling (COIL) for vitenskapelig tilsette frå alle fakultet. Det har blitt utvikla ein app for å inspirere studentar til utveksling, og samstundes gjere prosessen meir oversiktleg for studentar og tilsette. Appen inkluderer heile prosessen frå tidleg interesse for utveksling til etter heimkomst, i tillegg til eit sakshandsamingsssystem. Alle involverte kan følgje kvar enkelt student gjennom heile prosessen. Appen er planlagt tatt i bruk for nokre utvalde studieprogram i samband med søknadsfrist for utveksling 1. februar 2022 for utveksling hausten 2022.
---	---	--

Verksemndsmaal 5: Gjennom samhandling, deltaking og dialog fangar HVL opp aktuelle problemstillingar og er ein relevant samarbeidspartnar for arbeids- og samfunnsliv.

Prioritering (jf. årsplan 2021)		Status
1	Velje ut sentrale klynger og nettverk og sikre systematisk oppfølging.	Har skildra roller og ansvar ved oppfølging av klynger og nettverk, og lansert avtaleportalen, eit internt verktøy som gir oversikt og systematiserer samhandlinga med eksterne samarbeidspartnarar. HVL deltar aktivt på strategiske og fagleg relevante møtearenaer i regionane rundt alle campusane.
2	Gjennomføre profileringskampanjar regionalt, nasjonalt og internasjonalt.	HVL teikna hausten 2021 ein rammeavtale med kommunikasjonsbyrået Tante Randi, m.a. for å utforme ein plan for profilering av høgskulen på vegen mot universitetsstatus.
3	Utvide kunnskapsgrunnlaget for universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil gjennom HVL-konferansen.	Gjennomført internt webinar om profesjons- og arbeidslivsrelevans i studieprogramma og HVL-konferansen med tema "Studentane sitt møte med arbeidslivet". HVL var synlege og deltok aktivt under Arendalsveka både med eigne arrangement og i andre sine debattar. Fakultet og fagmiljø har eigne seminar og møtepunkt med arbeidslivet.

Verksemndsmaal 6: HVL involverer relevante brukarar i kunnskapsutvikling.

Prioritering (jf. årsplan 2021)		Status
1	Sikre insentiv og kapasitet for samarbeid og samskaping.	Alle fakulteta har fått strategiske midlar på budsjettet for å kunne gje tid til samhandling. Fakulteta har på ulike måtar fristilt interne ressursar for å styrke og systematisere dei mange samarbeidsrelasjonane og eksterne møtepunktene som fakulteta har.
2	Lage årshjul for samhandling	Har laga rutinar for årleg evaluering av samarbeidsavtalar.
3	Følgje opp tiltak i kompetansereforma Lære heile livet.	Gjennomført Prosjekt Livslang læring i HVL som i tillegg til å kartlegge eksterne forventningar, skildra moglegheiter og barrierar i det interne arbeidet med kompetansereforma. Prosjektet førte til det organisatoriske grepet å opprette Avdeling for samfunnskontakt – arbeidsliv og livslang læring. Det er tilsett fagansvarleg for livslang læring for å koordinere, systematisere og vere pådrivar for å følgje opp forventningane i kompetansereforma. Gjennomført eksternt webinar om livslang læring.

Verksamds mål 7: HVL skal vere ein berekraftig, effektiv og lærande organisasjon.

Prioritering (jf. årsplan 2021)		Status
1	Utvikle og utnytte digitale løysingar meir effektivt, knytt til utdanning, forskning og administrasjon.	<p>Digitaliseringsarbeidet i 2021 hadde tre hovudprioriteringar:</p> <p>1) Styrke digital kompetanse blant vitskapleg tilsette. Her har vi særleg nytta ressursar på ein sterk infrastruktur for utvikling og bruk av pedagogisk gode digitale løysingar. Dette er materialisert som Læringslab og Medielab.</p> <p>2) Effektive administrative løysingar. Det er utvikla fleire løysingar knytt til systemintegrasjonar for HR, økonomi, studieadministrasjon og dokumentforvaltning, t.d. applikasjonen for kompetanseforvaltning for vitskapleg tilsette (KOMPIS), digitale rettleingsavtalar for masterstudentar og digitalisert tilvising av sensor- og timelærarkontraktar.</p> <p>3) Orden i Eige Hus. Dette er eit basisprosjekt for god datastyring og –deling for både verksamdstyring og kunnskapsbasert utvikling i alle einingar, dvs. eit digitalt fundament for organisasjonslæring. Gjennom året er desse initiativa kopla til den påbegynte oppfølginga av ny nasjonal digitaliseringsstrategi. Desse er delt i seks tiltaks-område for styrking av digitalisering av utdanning, fire tiltaksområde for styrking av digitalisering av forskning og seks tiltaksområde for institusjonsovergripande endringar, inklusiv mottak av nye nasjonale system.</p>
2	Utvikle ein meir måltilpassa fagleg struktur, med tydelege administrative tenester for å understøtte den faglege verksamda.	I samband med ny rektorperiode vart det gjennomført vurderingar av innhaldet i prorektorområda og korleis desse best kunne spele saman med fakulteta. Det same vart gjort for direktørlinjene. I tillegg er det gjennomført ei samordning av einingsnemningar og klårgjering av oppdraget for einingar i den administrative understrukturen, samt mandat og omfang i råd- og utvalsstrukturen både i fakultet og fellesadministrativ struktur. Del administrative stillingar av totalt tal årsverk er auka dei seinare år, men ikkje i 2021.
3	Ta ei tydeleg rolle for samhandling med våre omgjevnader, og delta aktivt i samskaping av kunnskap i regionen (knytt til organisasjonsutvikling og digitalisering).	<p>Omforminga av det tredje prorektorområdet er eit signal om at HVL prioriterer grenseflatekvaliteten med omgjevnadane. Både på institusjons- og fakultetsnivå er det gode samhandlingsrelasjonar til relevant arbeidsliv, og det er til dømes eksterne representantar i råd og utval. Campusutviklingsprosjekta har systematisk hatt som siktemål å styrke samarbeidet med relevant arbeids- og næringsliv i regionane.</p> <p>Nasjonalt har HVL vore aktiv i UNIT si prosjektgruppe for DLR (Digitale læringsressursar), og deltatt på nokre vesentlege arenaer – mellom anna knytt til datatryggleik kring dokumentforvaltning, samt i UH17-samarbeidet. Det er presisert som viktig i arbeidet med oppfølginga av ny nasjonal strategi at dette skal vektleggast av sentrale leiarar på dei arenaene dei har tilgang til.</p> <p>Biblioteket har tatt på seg nasjonalt koordineringsansvar for gjennomføring av digitale arrangement under den internasjonale Open Access Week i oktober.</p>

Verksamds mål 8: HVL skal ha eit godt og stimulerande arbeids- og læringsmiljø på alle campusane.

Prioritering (jf. årsplan 2021)		Status
1	Vidareutvikle ordningar og system for strategisk kompetanseutvikling og tilsetterekruttering.	HVL har som del av digitaliseringsarbeidet utvikla og lansert versjon 1 av KOMPIS, eit system for langsiktig planlegging av kompetansebehov og –utvikling. Kursportalen basert på DFØ si læringsplattform er tatt i bruk.
2	Vidareutvikle og forbetre det systematiske HMS-arbeidet.	Handlingsplan for 2021 er revidert og det er utarbeidd ny handlingsplan for 2022-2023. Det har blitt utarbeidd og gjennomført internt 40 timars grunnkurs i HMS og gjennomført obligatorisk opplæring i sjukefråværsoppfølging for leiarar med personalansvar. Kartlegging av arbeidsmiljø gjennom ARK-undersøkinga er gjennomført og det blir arbeidd vidare med å utarbeide tiltaksplanar for heile organisasjonen.
3	Arbeidsgjevpolitikken skal vidareutviklast gjennom godt partssamarbeid og høg grad av medverknad i organisasjonen.	Vi har i tilpassingsavtalen utarbeidd system for høg medverknad og medbestemming i organisasjonen. Det er lagt opp til at informasjons- og drøftingsmøta skal ha oversyn over medverknaden i fakulteta og fellesadministrasjonen.
4	Styrke innsatsen på å rekruttere internasjonalt	Det er tilsett prosjektleiar som skal leie prosjektet «European Charter and Code for Researcher». I januar 2022 er det arbeidd med oppnemning av styringsgruppe og referansegruppe for prosjektet.

Tabell 7: Verksamds mål



4. Rapportering på overordna gevinstrealiseringsplan for oppfølging av strukturreforma.

Meld. St. 18 (2014-2015) Konsentrasjon for kvalitet – Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren la grunnlaget for ein omfattande reform i UH-sektoren. Bakgrunnen var små, sårbare fagmiljø, spredde og små utdannings-tilbod, samla låg deltaking på internasjonale arenaer for konkurransebasert finansiering og lite internasjonal publisering. Regjeringa ønska å samle ressursane på færre, men sterkare institusjonar, med tydelege faglege profilar, men behalde mangfaldet i sektoren.

Med utgangspunkt i dette fastsette regjeringa seks mål med tilhøyrande indikatorar, og HVL er bedt om å rapportere på måla og indikatorane i tabellen under. Desse måla og indikatorane er i stor grad overlappande med mål og parameter omtalt tidlegare i kapittel III under sektormål, nasjonale styringsparameter, utviklingsavtalen og verksemdsmåla. Rapportering på overordna gevinstrealiseringsplan for oppfølging av strukturreforma blir derfor ikkje omtalt utover resultattabellen under.

Mål og indikatorar	Resultat		Måltal
	2018	2021	2025
1. Utdanning og forskning av høg kvalitet			
Vitskapeleg publisering: publikasjonspoeng per faglege årsverk	0,5	Sjå kap.III	1,0
Tildeling frå NFR per faglege årsverk (1 000 kr)	42	60,49	75
Tildeling frå EU per faglege årsverk (1 000 kr)	3	4	12
Del årsverk i førsteposisjonar av faglege tilsette (%)	53	58	65
Skår på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten (skala 1-5)	3,9	3,8	4,2
Tal avlagte doktorgrader	0	10	35
3. God tilgang til utdanning og kompetanse over hele landet			
Tal studentar på nettbaserte og desentraliserte utdanningar	790	1724	950
4. Regional utvikling			
Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per faglege årsverk (1 000 kr)	94	129,65	130
5. Verdsleiarande fagmiljø			
Del internasjonalt samforfattarskap (%)	46	Sjå kap. III	50
6. Effektiv ressursbruk			
Del administrative stillingar av totalt tal årsverk (%)	21	23	20


Tabell 8: Gevinstrealiseringsplan for strukturreforma - mål og indikatorar

Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt

Høgskulen på Vestlandet har dei siste åra hatt ein stor aktivitetsauke, og det er derfor stort arealbehov i form av både nybygg og rehabilitering/renovering ved fleire av campusane. Det er utbyggingsprosessar ved fleire campus, og desse er komne ulikt langt i plan, avgjerdsprosessar og iverksetting.

Campus Bergen

Det største nybygget er knytt til Bergen (Kronstad). Dette bygget blei formelt opna i august 2020. HVL vil med dette bygget styrkje utdanning og forskning av høg internasjonal standard, med vekt på kunnskapsutvikling, nyskaping, kultur og livslang læring. HVL campus Bergen er samla på ein campus, noko som gir synergieffektar og høgare effektivitet. Bygget har moderne undervisningslokale med betre inneklima og universell utforming i tråd med forskriftskrav. Bygget vil ha vesentleg lågare energiforbruk med eit grønarare fotavtrykk. På grunn av pandemien har det i lange periodar vore få studentar og tilsette ved campus, og bygget har derfor førebels ikkje blitt tatt i bruk fullt ut. Dette gjer at det blir for tidleg å konkludere med at bygget innfrir prosjektet sitt mål.



Campus Sogndal

Campus Sogndal arbeidar med fleire effektiviserande tiltak for å bøte på manglande grupperom og arbeidsplassar. I fyrste omgang skal ein prøve å effektivisere Fossbygget, men bygget har ein vanskeleg konstruksjon, så det er mogleg at ein må sjå på andre løysingar.

Campus Førde

I samband med utbygging i Helse Førde er det etablert eit prosjekt som ser på felles arealutnytting mellom helseføretaket og høgskulen. HVL har behov for simuleringsareal og vurderer dette som det mest kostnadseffektive tiltaket for å heve utdaningskvalitet. Det er levert ein forprosjektrapport, og arbeidet held fram i 2022.

Campus Haugesund

I Haugesund har aktivitetsauken i bygget som stod klart på slutten av 90-talet vore så stor at det er behov for nye areal. Statsbygg har gjennomført ei rom- og funksjonsanalyse som viser at dagens bygg ikkje har potensial for auka aktivitet. Med bakgrunn i notat frå konseptutvalet utarbeidd av Statsbygg 14.5.19, vedtok høgskulestyret å gå vidare med eit tilbygg med ei ramme på 4500m² BTA.

Statsbygg har starta arbeidet med rom- og funksjonsprogram for nybygg og for ombygging av eksisterande bygg i samarbeid med høgskulen. Dette arbeidet er venta ferdig i mars 2022. Deretter lagar Statsbygg ein OFP-rapport med detaljerte kalkylar. Planen er å få rapporten behandla av styret i august. Det er gjennomført arbeid med ein gevinstrealiseringsplan for å sørge for gode mål i prosjektet.

Campus Stord

Høgskulen gjennomførte eit stort campusutviklingsprosjekt i 2019/-20 som vart styrebehandla i juni 2021. På denne bakgrunn har høgskulen nyleg sendt bestillingsbrev til Statsbygg for å gjennomføre ein mogleheitsstudie for bygningane og uteareala på campus. Formålet er å skape ein moderne og framtidsretta campus når husleigeavtalen går ut i 2024.

I tråd med sentrale føringar om meir berekraftig arealutnytting, og i lys av dei resultatane arealanalysane viser, må areala på Stord i framtida nyttast på ein betre måte. Ein må ha søkelys på modernisering og gjenbruk av eksisterande bygningsmasse. Dei rehabiliteringane som skal gjennomførast må gjerast ut frå HVL sine behov for hensiktsmessige undervisningsareal, og ikkje med formål om å drifte verneverdige bygg. Strategien vil vere å konsentrere campus rundt dei sentrale bygga og vurdere å fase ut dei eldste og meir perifere bygga.

Midlar til oppgradering av forskings- og læringsareal

Tildeling 2020	Beløp (kr)
Kap. 260, post 50, Supplerende tildelingsbrev, midler til oppgradering og tilpasning til forsknings- og utdanningsareal	6 500 000
Kap. 260, post 50, Supplerende tildelingsbrev, midler til oppgradering og tilpasning til forsknings- og utdanningsareal, laboratoriearealer	900 000

Tabell 9: Midlar til oppgradering av forskings- og læringsareal

Høgskulen fekk tildelt totalt 7,4 mill.kr. i 2020 til fire prosjekt som ein er beden om å rapportere på i årsrapport 2021:

Klimahus - campus Bergen

Prosjekt klimahus er eit samarbeidsprosjekt mellom to fakultet (FLKI og FIN). Prosjektet omfattar eit nytt bygg som skal brukast til forskning og undervisning ved aktivitetar i både høg og låg temperatur. Prosjektet har blitt meir omfattande og krevjande enn først påreka. Finansiering til å etablere bygget er på plass, men grunna manglande finansiering til det faglege utstyret er prosjektet mellombels stoppa. Det er forventa ei løysing i løpet av våren 2022 og at prosjektet startar opp igjen for fullt i juni.

Kafé- og vrimeleareal campus Stord

På Stord vart det iverksett eit større prosjekt med oppgradering av ny kafé og vrimeleareal i 2020. Prosjektet som vart løyvd 2 mill. frå KD og 2 mill. frå HVL, er svært godt mottatt av studentar og tilsette. Det har vore høgt fokus på gode løysingar som er attraktive og som betrar det psykososiale miljøet. Prosjektet vart slutført i 2021.

Tilleggsareal – campus Førde

Det vart i 2020 løyvd 6 mill. til oppgradering av kontorareal ved campus Førde. Prosjektet som vart sett i verk skulle sjå på moglegheitene for å kunne rehabilitere det gamle brakkebygget/lettbygget. HVL stoppa prosjektet då Statsbygg konkluderte med at oppgradering ville vere utfordrande med høve til belastning og dessutan lite økonomisk formålstenleg. I samråd med studentsamskipnaden vart det semje om å gjennomføre ei fullstendig oppgradering av kantine, og i tillegg gjennomføre tiltak i tråd med universell utforming – tilpassing av ny skranke, og ny møblering av delar av studentareala. Dette er tiltak som vart vurdert at kunne vere positive med tanke på studiekvalitet, attraktivitet og psykososialt miljø, og dei har betra forholda for studentar og tilsette. Prosjekta vart slutført hausten 2021.

Laboratorieareal – campus Bergen

Det vart i 2020 søkt midlar til etablering av nytt laboratorieareal til byggfaginstuttet. Eksisterande areal vart gjort om frå lagerareal til laboratorieareal. Statsbygg som gardeigar har vore ansvarleg for prosjektet, eit prosjekt som dessverre vart forsinka grunna samspel med bybaneutviklinga og den pågåande pandemien. Prosjektet er i slutfasen, mellombels bruksløyve er mottatt og arealet er planlagt tatt i bruk i løpet av våren 2022

Midlar tildelt over andre kapittel

Tildeling 2019	Beløp (kr)
Kap 280, post 01 i 2019 5 mill. kr. til Nasjonalt rekrutteringstiltak menn til GLU 1-7,	5 000 000
Tildeling 2020	Beløp (kr)
Kap 226, post 21 Supplerende tildeling, Rekruttering til grunnskolelærerutdanning og barnehagelærerutdanning (menn, også personer med innvandrerbakgrunn)	6 000 000
Kap. 275, post 21 Supplerende tildelingsbrev HVL om lærerutdanning i praktiske og estetiske fag	1 000 000
Kap. 226, post 22. Supplerende tildelingsbrev Høgskulen på Vestlandet om midler til forsøksordning for lærerkvalifisering	2 500 000
Kap. 260, post 50. Supplerende tildelingsbrev til Høgskulen på Vestlandet om ingeniørutdanning på Stord i 2020	5 000 000
Tildeling 2021	Beløp (kr)
Kap. 275, post 21, utvikling og drift av partnerskap i lærerutdanningene	9 270 000
Kap. 291, post 72, til Tolkeutdanning	2 830 000
Kap. 260, post 50, supplerende tildeling, studentjobber til faglig og sosial oppfølging av studenter	8 138 000
Kap. 226, post 72, supplerende tildelingsbrev, nasjonalt prosjekt om rekruttering til lærerutdanning	5 000 000
Kap. 260, post 50, Tildeling i RNB, til ingeniørutdanning på Stord	5 000 000
Kap. 275, post 21, Supplerende tildelingsbrev om lærerutdanning i praktiske og estetiske fag	500 000
Via andre, tildeling til MARKOM	10 970 274

Tabell 10: Midlar tildelt over andre kapittel

Rekruttering til lærerutdanningane

Høgskulen fekk i 2019 tildelt 5 mill. kr. på kap. 281 post 01 til gjennomføring av tiltak for å auke rekrutteringa av menn til GLU 1-7. Høgskulen har sidan januar 2020 leia eit nasjonalt tverrinstitusjonelt rekrutteringstiltak for å få fleire menn til å velje lærerutdanning for dei yngste elevane. Departementet ønskte å bygge ut målgruppa til mellom anna å omfatte mannlege søkjarar til barnehagelærerutdanning og søkjarar med innvandrerbakgrunn til lærerutdanning, og HVL fekk tildelt 6 mill. kr. i supplerande tildeling i 2020 på kap. 226 post 21 til rekruttering til grunnskulelærerutdanning og barnehagelærerutdanning. I 2021 fekk høgskulen 5. mill. kr. som supplerande tildeling på kap. 226 post 72 til nasjonalt prosjekt for rekruttering til lærerutdanning.

Tildelingane skal styrke rekruttering til lærerutdanning og bidra til positiv omtale av læreryrket. I møte med KD våren 2021 vart det avklart at prosjektet skal fokusere på rekruttering til barnehagelærerutdanning og grunnskulelærerutdanning 1-7. Det er tilsett ein prosjektleiar og ein kommunikasjonsrådgivar som skal ivareta det nasjonale informasjonsarbeidet. Det er inngått samarbeid med Høgskolen i Innlandet (INN), Norges arktiske universitet (UiT) og Nord universitetet. I tillegg er det oppretta ei styringsgruppe der representantar frå samarbeidsinstitusjonane er representert. Det er også oppretta ei referansegruppe der mellom anna desse er representert: UiT, INN, Nord universitet, Utdanningsforbundet, Pedagogstudentane og KS. Så langt er det utvikla eit mentorprogram for studentar som rollemodellar.

Rollemodellane skal besøke elevar i vidaregåande skular og folkehøgskular i heile landet. Hensikta er å endre kjønnsstereotypiske oppfatningar og gjennom dette påverke utdannings- og yrkesval. Det er sendt førespurnadar og gjort avtalar med vidaregåande skular i fleire fylke. Det blir gjennomført nasjonal rekrutteringskampanje frå mars 2022. For å finne ut om tiltaka har effekt er det plan om å følge tre årskull med studentar for å sjå om dei har blitt «utsett» for rollemodellar og deretter sjå om tiltaket har hatt noko «effekt». Forskinga på tiltaket har som hensikt å synleggjere korleis rekrutteringstiltaka verkar (ved å samanlikne data frå studentar som startar før tiltaket blir sett i gong, med to påfølgjande studentgrupper) og få meir djupnekunnskap om kva som motiverer menn til å søkje lærarutdanningar. Den nasjonale rekrutteringskampanjen vil truleg ha effekt på rekrutteringa og bidra til positiv omtale av læraryrket. Men kor stor effekten blir er alltid vanskeleg å måle. Tildelingane frå KD er eittårige, men det er utforma eit opplegg over fleire år innanfor rammene som er sett av til prosjektet.

Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag

HVL fekk til dette tildelt 1 mill. kr. i 2020, og 0,5 mill. kr. i 2021. HVL har lyst ut lærarutdanning i praktiske og estetiske fag med studieretning i musikk eller kroppsøving og idrettsfag med oppstart hausten 2022. Tildelte midlar er nytta til kompetanseheving for å kunne tilby utdanningane og til utvikling av studieprogramplanar og emneplanar. I tillegg er det utvikla eige profesjonsfag for utdanninga.

Forsøksordning for lærarkvalifisering

HVL fekk over statsbudsjettet i 2020, kap. 226, post 22 Supplerande tildelingsbrev tildelt 2,5 mill. kr. til forsøksordning for lærarkvalifisering. Dette er eit nytt studieprogram ved FLKI der kandidatar som har fullført 150 studiepoeng av tidlegare lærarutdanning kan ta fag dei manglar for å få vitnemål som 4-årig grunnskulelærer 1.-7. og 5.-10. trinn. Ordninga vart vedtatt av høgskulestyret i januar 2021 og hadde oppstart frå hausten 2021. HVL fekk 65 kvalifiserte søkjarar, der 39 studentar kom i gong med studiet. Studentane går i individuelt tilpassa studieløp fram mot vitnemål. Studiet har ikkje eigne studieplassar, men studentane får plass på emne som har ledige plassar innanfor Kompetanse for kvalitet og GLU-utdanningane.

Kompleksiteten kring det å gje individuelle studieplassar

er den største utfordringa å løyse. Dette gjeld både å finne fram til ledige plassar, men også når emna får fleire studentar enn det ein har planlagt med i høve personalressurs, noko som særleg har vore ei aktuell problemstilling på emna pedagogikk og elevkunnskap.

Partnerskap i Grunnskulelærarutdanninga

Sum tildelte midlar til utvikling av partnerskap i grunnskulelærarutdanninga (kap. 275 post 21) i ordinært tildelingsbrev for 2021 var på kr 9 270 000. Oppretting og utvikling av lærarutdanningsskular og barnehagar er starta opp som eit 4-årig pilotprosjekt (2020-2024). Hausten 2020 vart det inngått partnerskap med 6 grunnskular i alle nærregionar til studiestadane i Bergen, Stord og Sogndal. Frå hausten 2021 er også 4 barnehagar med i piloten. Etablering og utvikling av lærarutdanningsskular og -barnehagar skal etter pilotperioden bli skalert opp til å gjelde samarbeid med fleire grunnskular og barnehagar og vere ei varig ordning og framtidig satsing i alle nærregionar. Høgskulen på Vestlandet vil med dette arbeide for kvalitet i lærar- og barnhageutdanning slik som den nasjonale strategien for kvalitet og samarbeid i lærarutdanningane, Lærarutdanning 2025, legg opp til. Ved å opprette lærarutdanningsskular og -barnehagar vil barnehage- og lærarutdanning bli sterkare knytt til praksisfeltet og styrke relevansen når det gjeld forskingsbasert utdanning. Representantar frå skular og barnehagar skal bidra inn i undervisninga ved høgskulen og sørge for aktualisering og relevans i lærarutdanninga. Det er oppretta ei styringsgruppe med representantar frå leiinga ved fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, lærar og -barnehagelærarutdanninga, statsforvaltaren i Vestland og KS. I løpet av dei to første åra i pilotprosjektet er det arbeidd med å få til god kommunikasjon og ei god organisering av partnerskapet, samt etablere og komme i gong med forskings- og utviklingssamarbeid. Det er etablert eiga følgjeforskning til partnerskapsprosjektet ved høgskulen.

Tolkeutdanning

Det var 134 søkjarar til studiet i 2020/2021, og 32 personar starta på studiet. Språka som vart tilbydd var arabisk, darisk, tigrinja, polsk, nord-kurdisk og somalisk. 32 personar bestod i kullet 2020/2021.

I 2021/2022 var det 135 søkjarar til studiet, og 31 personar starta på studiet. Språka som blir tilbydd for årets kull er arabisk, thai, somalisk, kurdisk-sorani, vietnamesisk, kurmanji og pashto.

Studentjobbar til fagleg og sosial oppfølging av studentar

Våren 2021 fekk Høgskulen på Vestlandet 8,138 mill. kr. frå KD til å lønne studentar, som eit tiltak for ekstra oppfølging av studentar under pandemien. Desse midlane vart fordelt direkte til dei fire fakulteta ut frå tal på studentar per fakultet, til studentassistentar som skulle bidra både fagleg og sosialt. I tillegg gjekk nokre av midlane til studentassistentar ved bibliotek og ved læringslab, der studentassistentane bidreg med direkte støtte og rettleiing knytt til akademisk skriving, litteratursøk med meir, samt støtte kring bruk av teknologi i undervisning. Det vart i tillegg utvikla ei nettside for felles utlysning av studentassistent-jobbar. Det er oppretta eit team for samordning av studentassistentordninga, der ulike problemstillingar blir drøfta og løyst. Studentassistentane har blitt gitt felles opplæring og det er utarbeidd eit digitalt opplærings-emne for studentassistentar i læringsplattforma Canvas. Det er inngått forpliktande avtalar for 2022 for betydeleg høgare beløp enn dei om lag 1 mill. kr. som per 31.12.21 framleis sto ubrukt.

Ingeniørutdanning på Stord

HVL fekk 5,0 mill. kroner i 2020 og 5,0 mill. kroner i 2021 til desentralisert ingeniørutdanning på Stord. Studiet vart utlyst hausten 2021, men det viste seg at det ikkje var tilstrekkeleg med kvalifiserte søkjarar til å starte opp utdanninga. Høgskulen sette derfor i gang nett- og samlingsbasert realfagskurs i fysikk og matematikk for å kvalifisere aktuelle søkjarar. I alt 25 søkjarar vart tatt opp og per no er det 20 aktive studentar. Våren 2022 skal det gjennomførast eksamen i matematikk og

fysikk. Planen er å starte opp utdanninga hausten 2022. Hittil har høgskulen brukt kring 0,4 mill. kroner av tildelingane. I 2022 er det planlagt å tilsette prosjektleiar og ein fagperson for å starte opp den desentraliserte ingeniørutdanninga på Stord.

Maritim kompetanseheving – via Universitetet i Sørøst-Norge

Markom2020 som i 2021 vart kalla Markom2021 er eit nasjonalt prosjekt som skal bidra til å heve kvaliteten i maritim profesjonsutdanning. Prosjektet er eigd av NTNU i Ålesund, Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Sørøst-Norge (USN) og UiT – Norges arktiske universitet og er finansiert over statsbudsjettet. Prosjektet er administrert av USN og har ei styringsgruppe med deltakarar frå kvar av dei fire institusjonane, studentane og frå organisasjonar knytt til maritim næring. Inkludert overføringar frå 2020 hadde HVL tilgjengeleg midlar frå Markom tilsvarande 18 mill. kr i 2021. Av dette var 8,6 mill. kr. løyvd til pilot I og pilot II på studieprogrammet Bachelor of Maritime Management (BAMM) som skal gjennomførast over fleire år, første år 2019 og siste år 2025. HVL har i 2021 brukt om lag 11 mill. kr. av Markom-midlane. Om lag 7 mill. kr. blir overført til 2022 for å drifte dei to BAMM-prosjekta.

I 2021 har HVL gjennomført prosjektet Wind of Change med fokus på havvind, hatt ansvaret for tredje år av pilot I og første år av pilot II på overgangsordninga mellom fagskule og bachelor, Bachelor of Maritime Management, i tillegg til fleire mindre prosjekt retta mot maritim evakuering, utgreiing om maskinistutdanning, sjørett og liknande.





Kapittel IV

Styring og kontroll i verksemda

Del 1: Rapportering om styring og kontroll

System for risikovurdering og vurdering av dei største risikoområda

Høgskulen har over tid hatt større merksemd på systematisk arbeid med risikostyring, -vurdering og -analyse, både operasjonell risiko (mest knytt til innsatsfaktorar, aktivitetar og prosessar) og strategisk risiko (mest knytt til det å nå mål og oppnå brukar- og samfunnseffektar). I samband med utarbeiding av høgskulen sin årsplan for 2021 vart det gjennomført ei risikovurdering i tråd med metode-retteleinga for risikostyring i staten. Under kvart strategiområde fekk ein då fram dei største risikoområda:

Strategiområde 1: Danne og utdanne

- HVL må lukkast med å skape eit godt læringsmiljø, eit aktivt studentdemokrati for studentane og ha tilstrekkeleg omstilling av studietilbodet.
- HVL må lukkast med å utvikle framtidsetta, varierte og studentaktive lærings- og vurderingspraksisar.
- HVL må lukkast med å levere eit relevant og tilstrekkeleg tilbod for livslang læring.

- HVL må lukkast med å gjere relevant kunnskap tilgjengeleg for samfunns- og næringsliv – studentane skal få jobb etter fullført utdanning og studia må i tilstrekkeleg grad ha ein eksplisitt internasjonal dimensjon.

Strategiområde 2: Forsking, utviklingsarbeid og innovasjon

- For dårleg tilslag på søknadar til NFR og EU og manglande ekstern finansiering.
- At det ikkje er tilstrekkeleg støttekapasitet i HVL til å utvikle søknadar om ekstern finansiering/gjennomføring av innvilga prosjekt.
- Det blir sendt for få søknadar av god kvalitet.

Strategiområde 3: Formidle og dele aktuell kunnskap og kompetanse

- HVL må lukkast med å utvikle kunnskap i partnerskap med samfunns- og arbeidsliv – HVL sin kompetanse skal bidra til utvikling i arbeidslivet og bli sett på som relevant.
- HVL må lukkast med å kople saman erfaringsbasert- og forskingsbasert kunnskap – HVL må ha oversikt over dei rette nettverka og klyngene og ha kapasitet til å delta i dei.

Strategiområde 4: Bygging av institusjonen

- Covid-19-situasjonen kan hindre gjennomføring av planlagde tiltak og drift, og dermed hindre HVL i å nå måla.
- Konsekvensane av covid-19 for dei tilsette og kva dette gjer med arbeids- og læringsmiljøet.
- Gevinstar ikkje kan hentast ut fordi covid-19-situasjonen skiplar gjennomføringa av konkrete prosjekt, mellom anna for organisasjonsutvikling og campusutvikling.

Oppfølginga av desse risikoområda i 2021 er beskrive i kapittel III.

Opplegget for styring og kontroll og vurdering av kvaliteten

I rammene for styra ved universitet og høgskular blir det presisert at styret må sørge for at det blir planlagt med eittårig og fleirårig perspektiv, og at planane blir dokumentert i eigne styringsdokument. HVL har sidan 2020 hatt eit plansystem som har følgd opp krava til eittårig planlegging, og systemet har vore skildra i retningslinjer for planarbeidet, som styret har vedtatt. Dette plansystemet har til og med 2021 hatt ein hierarkisk struktur med planar på fleire nivå, med skriftleg rapportering kvart tertial knytt til endringar i risiko og avvik.

I 2021 vart det bestemt at plansystemet skulle endrast og nye retningslinjer gjeldande frå 2022 vart vedtatt av styret i november 2021. I retningslinjene vert det definert eit nytt plansystem med vekt på sjølvstende, tillit og dialog. Samtidig er det ein viss grad av formell styring for å sikre at HVL hentar ut gevinstar av å planlegge. Dessutan er ein stor utdanningsinstitusjon som HVL avhengig av eit visst nivå av standardisering og formalisering.

Når det gjeld planlegging i eit fleirårig perspektiv har HVL ein strategi som er vedtatt for perioden 2019-2023, samt ein utviklingsavtale som har hatt eit fleirårig perspektiv. Høgskulen har starta eit arbeid med både ny strategi og ny utviklingsavtale, og dette arbeidet er planlagt fullført i løpet av 2022. Etter planen skal både ny strategi og ny utviklingsavtale vere gjeldande frå 2023.

Høgskulen arbeider systematisk med å utvikle mål- og resultatstyring og risikostyring som verktøy for betre styring og kontroll. Samstundes er det viktig å halde ved like og vidareutvikle andre verktøy, som internkontroll og internrevisjon.

Internkontroll

Internkontroll er eit linjeansvar og HVL er underlagt krav om internkontroll på ulike område. Mykje av internkontrollen ved høgskulen er nedfelt i ulike handbøker (til dømes HMS-, leiar- og personalhandbok) som er lett tilgjengelege for tilsette. Ein stor del av internkontrollen er knytt til faglege kvalitetssystem. Det er eigne styringsprosessar som følgjer opp dei ulike delane av internkontrollen, og det er ingen indikasjonar på at dette ikkje fungerer som planlagt.

I 2021 gjennomførte høgskulen for første gang ei periodisk evaluering av samla studieportefølje (sjå omtale under utviklingsavtalen mål 3.1). Evalueringa har hatt eit særleg fokus på å skaffe kunnskapsgrunnlag om tilhøve knytt til gjennomgåande utdanningsløp med vekt på:

- HVL sin konkurranseposisjon regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- Korleis HVL svarar på regionalt og nasjonalt utdanningsbehov sett i lys av Livslang læring.
- Studieporteføljen si økonomiske berekraft.

Den periodiske evalueringa gjev styret eit grunnlag for å utvikle langsiktige føringar og rammer for vidare strategisk utvikling av den samla studieporteføljen.

Internrevisjon

Høgskulen har eit internrevisjonssamarbeid med Universitetet i Agder, Universitetet i Stavanger og Nord universitet om to årlege, felles revisjonar. Desse revisjonane bidreg til kontinuerleg forbetningsarbeid og er dermed med på å bidra til å nå fastsette mål. I 2021 vart det gjennomført revisjonar knytt til «kvalitetssikring av studentdata i DBH-rapportering» (våren 2021) og «oppfølging og gjennomføring av styrevedtak» (hausten 2021). Det har i 2021 vore jobba med å endre rutinar og prosessar som følgje av både vårens revisjon knytt til studentdata og revisjonen i 2020 knytt til «sikring av ikt-utstyr». Rapporten frå haust-revisjonen i 2021 blir behandla av styret i mars 2022.

Samla vurdering

Ut frå rapportar frå internkontrollverksemd, internrevisjon, eksterne tilsyn og evalueringar er den overordna vurderinga at høgskulen har god styring og kontroll innan dei enkelte verksemdsområda, men med nokre forbetningspunkt, som nemnt over.

Omtale vesentlege forhold inkludert merknadar/ikkje merknadar frå Riksrevisjon

Risikoen for brot på lovar og reglar blir vurdert som låg, kvaliteten på rapporteringa som god og risikoen for vesentlege feil som låg. Drifta er effektiv og målretta.

Det er ikkje avdekkja økonomisk mishald i 2021 og det var ingen merknadar frå Riksrevisjonen i 2021 knytt til revisjonen for 2020.

Del 2: Rapportering på andre føresetnader og krav/fellesføringar

Regjeringa sin inkluderingsdugnad

I 2021 hadde høgskulen nær 300 tilsetningar. Av desse var det to personar frå målgruppa for inkluderingsdugnaden, noko som utgjør 0,68% av dei nye tilsette ved høgskulen.

Tabellen viser tal tilsetningar ved HVL i 2021	
Nytilsetningar totalt*	296
Nytilsetningar i målgruppa (nedsett funksjonsevne eller hol i CV)	2
Del nytilsette frå målgruppa	0,68%
* Nytilsetningar totalt gjeld for kunnngjorde stillingar i jobbnorge.no	

Tabell 11: Tilsetningar i 2021

Tiltak for å styrke inkludering ved HVL

HVL arbeider for å auke bevisstgjeringa av inkluderingsdugnaden i heile tilsettingsprosessen. Som ledd i dette har HVL hatt særleg fokus på å informere og lære opp leiarar om regelverket knytt til innvandrarakgrunn/nedsett funksjonsevne/ hol i CV i samband med tilsettingsprosessen. HVL vil i 2022 styrke dette arbeidet med meir målretta opplæring.

I tillegg til dette har rekrutteringsverktøyet Jobbnorge.no fått på plass screeningverktøy der kandidatar kan huke av for innvandrarakgrunn, nedsett funksjonsevne og/eller hol i CV, som gjer at ein no har høve til å innhente informasjon som er naudsynt for det strategiske inkluderingsarbeidet som tidlegare ikkje

var mogleg. Det er likevel usikkerheit knytt til tala som blir rapportert, då det er fleire som ikkje tilkjenner nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en når dei søker.

Ved HVL har også tilsettingsorgana auka merksemd på inkluderingsdugnaden. Som ein rutine blir det derfor framlagt data i saksframstillinga på tal søkjarar med nedsett funksjonsevne og hol i CV-en, og det skal vidare forklarast i saksdokumentet dersom det er søkjarar i desse gruppene som ikkje blir kalla inn til intervju med grunnlag i kvalifikasjonskrava til stillinga.

HVL har førebels ikkje vore tilknytt Trainee-programmet i staten for personar med nedsett funksjonsevne og/eller hol i CV-en, men det blir vurdert om deltaking kan vere aktuelt for institusjonen.

Utfordringar

Arbeidet med inkluderingsdugnaden møter utfordringar i UH-sektoren. I HVL gjeld dei fleste tilsetningar faste undervisnings- og forskarstillingar. Kvalifikasjonskrava til desse stillingane er fastsett i forskrift, som gjer det vanskeleg å tilgodesjå søkjarar med funksjonsnedsetting eller hol i CV-en sidan det nettopp er CV og vitskapeleg produksjon, med vekt på dei siste åra, som er viktige kvalifikasjonskrav. I administrative stillingar er moglegheitene større, men krav om høgare utdanning og krav om relevant utdanning gir utfordringar også her.

FNs berekraftsmål

Fagmiljøa ved alle fakulteta jobbar målretta med FN sine berekraftsmål i utdanning, forskning og innovasjon. Det er fleire utdanningar som er retta mot kompetansebehov i samfunnet relatert til samfunns-utfordringane vi står framfor. I dei fleste studieprogramma er det obligatorisk for fyrsteårsstudentane med eit innførings-emne der studentane går inn i problemstillingar relatert til utdanninga dei har starta på og koplar det til FN sine berekraftsmål. Tema som sirkulærøkonomi, berekraftige barnehagar, berekraft i lærarutdanninga, god helse og utvikling heile livet, folkehelse, demokrati og inkludering er i tillegg til fornybar energi og klimaomstillingsleing dekkja i dei fleste studieprogramma ved høgskulen.

HVL har mange ulike forskargrupper som relaterer forskinga si til berekraft, og det heng saman med studieprogramma våre. Vi jobbar tett med organisasjonar og næringsliv, og er partner i mellom anna fleire «grøne klynger» for å bidra og vera tett på det som skjer.

Til dømes har HVL ei tydeleg og viktig rolle i Vestland fylke si store satsing Grøn Region Vestland der høgskulen blir utfordra på å levere kompetanse, forskning og innovative løysingar til det grønne skiftet i regionen.

I tillegg til kjerneverksemda vår jobbar administrasjonen og driftsavdelinga med berekraftige løysingar, og høgskulen har prioritert administrative ressursar til klima- og berekraftarbeid på overordna nivå. I 2021 blei vårt største campus; Bergen sertifisert som Miljøfyrtårn, og saman med våre fire andre campusar som allereie har vore Miljøfyrtårn i ei årrekke kunne ein slå fast at heile HVL no er sertifisert som Miljøfyrtårn.

HVL sin reisepolicy vart revidert i 2021 til ein meir klimavenleg og berekraftig policy, både med tanke på val av transport og val av hotell. Alle bilane som HVL eig er elektriske, og det er fokus på å få ned klimagassavtrykket i innkjøp framover. Kjøp av varer og tenester utgjør ein tredel av vårt klimagassutslepp, så her kan høgskulen bli betre.

I tillegg starta jobben med ein handlingsplan for berekraft i HVL i 2021 og den skal etter planen bli ferdigstil i 2022. I den prosessen vil arbeidet med berekraft i all vår verksemd bli vurdert, prioritert, diskutert og få merksemd til å endre haldning og kultur i heile høgskulen. Arbeidet med handlingsplanen er kopla til universitetsprosjektet og campusutviklingsprosjektet som skjer parallelt.

Oppfølging av digitaliseringsstrategien for universitets- og høgskulesektoren

HVL har teke del i ulike samarbeidsarenaer (UNIT/ UH-17), og levert kapasitet og kompetanse til samarbeidet i sektoren (utleige av kompetanse, verv i faglege styre i digitaliseringsarbeidet), der det har vore mogleg ut frå ressursituasjonen. Det interne digitaliseringsarbeidet har vore knytt til tre hovudsatsingar i 2021 (jf. omtale under verksemdsmål 7), som alle kan vidareførast knytt til ny strategi i sektoren:

1. Digitalt kompetanseløft for tilsette.
2. Vidareutvikling av administrative støttenester.
3. Følgje opp det nasjonale arbeidet med Orden i eige hus.

Hausten 2021 vart 17 tiltaksområde knytt til utdanning, forskning og institusjonsovergrepande emne identifiserte, og styret har løyvd midlar til arbeidet. Konkrete prosjekt på kvart av tiltaksområda er no grunnlaget for vår oppfølging av den nasjonale strategien, samstundes som at arbeidet skal ha tydeleg forankring i arbeidet med ny verksemdstrategi.

Samfunnssikkerheit og beredskap (SOB) og sikkerheit etter sikkerheitslova

Arbeidet med Samfunnssikkerheit og beredskap har i 2021 blitt arbeidd med meir strategisk etter at NOKUT i 2020 hadde kontroll av arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap og riksrevisjonen sin oppfølging av manglar i det same arbeidet.

Det blir her etterlyst informasjon og funn frå kriseøving i 2018 og 2020. Høgskulen viser til at vi ikkje får gjort noko med desse, men viser til punkt 3 under som tek føre seg kriseøvingar i 2021, og dei viktigaste læringspunkta i evalueringa.

1) Når reviderte institusjonen sist sin ROS-analyse? Kva område er identifisert som dei med høgast risiko?

HVL sin siste overordna ROS-analyse vart utarbeidd i 2018 – 2019, og godkjend av rektor i juli 2019. Dei områda som er identifisert med høgast risiko for verksemda er følgjande:

- Utisikta død/personskade/alvorleg sjukdom i utlandet.
- Utisikta død/personskade/alvorleg sjukdom på campus.
- Tilsikta hendingar som fører til død/personskade/alvorleg sjukdom.
- Risikoar knytt til fysiske avstandar/fleircampusmodellen.
- Tap av sensitiv informasjon/digitale angrep.
- Svekkja akademisk integritet og kapasitet.

I det vidare arbeidet har HVL utarbeidd ein eigen oppfølgingsplan for ROS-analyse, med forslag til risikoreducerande tiltak knytt til hendingar og situasjonar.

2) Når reviderte institusjonen sist sitt krise- og beredskapsplanverk? Beskriv kort kva planverket omfattar

Den sentrale krise- og beredskapsplanen vart revidert vinteren 2019/2020 og godkjent 18.02.2020. Planverket omfattar følgjande:

- Prinsipp for planverket.
- Nivå og organisering.
- Krav til ytterlegare planverk på lågare nivå.
- Handtering av hendingar ved HVL
 - Nivå
 - Fasar i handteringa
- Opplæring og øving.
- Etterarbeid og rapportering.

Planverket slik det ligg føre omfattar også ein eigen pandemiplan som vart godkjend 04.03.2020.

3) Når gjennomførte institusjonen sist kriseøving? Beskriv kort dei viktigaste læringspunkta frå evalueringa av øvinga

Ved HVL er det halde 2 krise- og beredskapsøvingar i 2021 for strategisk krise- og beredskapsgruppe. Krisesenarioet for begge øvingane var basert på kritiske område identifisert i den overordna ROS-analysen. Øvingane er evaluert og oppfølgingsplanar er utarbeidd.

Dei viktigaste læringspunkta frå siste øving den 05.11.2021 er som følgjer:

- Handlingsmønster/varsling ved mobilisering kan virke uklare
- Vurdere formaliserte krav til respons- og eller mobiliseringstid
- Lavt øvingsnivå på beredskapsleiar.

I tillegg til øvingane, har både strategisk/sentral krise- og beredskapsgruppe og beredskapsgruppene ved fakulteta fått mykje god mengdetrening innanfor beredskapsfeltet gjennom den pågåande pandemi-handteringa.

Handtering av Covid-19-pandemien

HVL har tidlegare fått gjennomført ei ekstern evaluering av den første tida av pandemihandteringa ved høgskulen. Sluttrapporten frå AFF vart levert hausten 2020, og funna frå denne har HVL teke med seg i den vidare handteringa av pandemien. Mellom anna har ein styrka informasjonsarbeidet til tillitsvalde og hovudverneombod.

Leiinga ved HVL har drøfta tilnærminga til ei heilskapleg evaluering av handteringa av Covid-19-pandemien, men valt å utsetje evalueringa til behovet for tiltak for handtering av pandemien er over. Basert på utviklinga i pandemien ser HVL for seg at evaluering truleg kan bli sett i gang hausten 2022.



Professor Frode F. Jacobsen leiar forskingsarbeidet som skal gje myndigheitene svar på korleis norske sjukeheimar var førebudd på og handterte koronapandemien.

Likestilling, mangfald, diskriminering og tilgjenge

Høgskulen sin strategi slår fast at «mangfald, medverknad, likestilling og HMS-arbeid skal stå sentralt i utviklinga av organisasjonen». I 2021 har Rådet for likestilling, mangfald og inkludering (RLMI) følgd opp handlingsplanen for likestilling, mangfald og inkludering. Denne bidreg til å setje kursen for dette feltet i åra framover. I 2021 har inkludering og mangfald vore hovudtema.

For første gang er det ved høgskulen gjort ei kartlegging av lønn for å vurdere analyser for om kjønn påverkar lønns- og arbeidsvilkår. Den viser til dømes at mannlege og kvinnelege professorar har tilnærma lik lønn i snitt. Det same gjeld i dei andre forskar- og undervisningsstillingane. I administrasjonen ser vi at i rådgivarstilling tener menn i gjennomsnitt noko mindre enn kvinner. Det største skiljet finn vi i leiarstillingar der menn gjennomgåande ligg noko høgare enn kvinner i snitt.

Stillingsgruppe	Kvinner	Menn	Totalt	Lønn kvinner i prosent av menn	Del Kvinner	Tal	Kvinner	Menn
Undervisnings- og forskingspersonale	651 052	681 950	663 815	0,96	59 %	1438	844	594
Professor	858 911	851 571	854 762	1,01	44 %	206	90	116
Førsteamanuensis	684 038	689 211	686 403	0,99	54 %	383	208	175
Høgskulelektor	606 714	618 961	610 909	0,98	66 %	475	314	161
Leiarstillingar (Nivå 1 og 2) 1)	1 207 833	1 215 257	1 213 030	0,99	30 %	10	3	7
Leiarstillingar (nivå 3 og 4) 2)	857 779	906 295	879 440	0,95	51 %	35	18	17
Insituttleiarar (nivå 3)	917 254	938 176	929 807	0,98	40 %	15	6	9
Avdelingsdirektør (nivå 3)	861 867	902 600	880 382	0,95	55 %	11	6	5
Sakshandsamarstillingar	568 350	577 541	570 995	0,98	71 %	410	292	118
Rådgevar	572 644	567 029	571 069	1,01	69 %	191	132	59
Bibliotekstillingar	563 949	560 235	563 146	1,01	78 %	37	29	8
Ingeniørstillingar	554 860	564 191	561 578	0,98	28 %	50	14	36
Reinhold/drift	452 435	466 499	459 467	0,97	50 %	34	17	17

1) Rektor, prorektor, dekanar og direktørar

2) Avdelingdirektørar, administrasjonssjefar, prodekanar, insituttleiarar, fagseksjonsleiarar

Tabell 12: Overordna lønnskartlegging fordelt på kjønn

Høgskulen arbeider kontinuerleg for å motverke at diskriminering skal oppstå. I 2021 vart det for første gang gjennomført kartlegging av det psykososiale arbeidsmiljøet. Dette er viktig fordi eit godt arbeidsmiljø verkar positivt mot alle formar for diskriminering og bidreg til inkludering av alle.

Høgskulen er IA-bedrift og praktiserer derfor tilrettelegging for tilsette med behov for det, så langt det er praktisk mogleg. Når det gjeld kombinasjonen av arbeid og familieliv har høgskulen fleksitidsordning for administrativt tilsette og undervisnings- og forskarpersonale har moglegheit til å påverke korleis arbeidstida blir disponert. Den enkelte si arbeidstid skal avtalast mellom leiar og arbeidstakar og det skal takast omsyn til livsfase og livssituasjon.

Tala for kjønnslikestilling er samla sett relativt gode, men det er utfordringar innanfor enkelte fagområde. Det er 70 % kvinner i administrative stillingar. Her treng vi å rekruttere inn fleire menn når målet på kjønnsbalanse er 60/40. 63 % av administrative leiarar er kvinner, medan det er 36 % kvinner i drifts- og vedlikehaldsstillingar. HVL har 60 % kvinner i undervisning-, forsking- og formidlingsstillingar, men det er store variasjonar mellom fagmiljøa. Ved fakultet for helse- og sosialvitskap er det om lag 80% kvinner i denne type stillingar. Også ved fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett er det høg del kvinner (over 60%) medan det i enkelte av fagmiljøa knytt til ingeniørutdanningane er høg del menn (om lag 70%).



Ingeborg Skaten og Gro Hege Saltnes Urdal har saman forska på inkludering av høyrselshemma i grunnskulen og i høgare utdanning.

Når det gjeld mangfald og inkludering har ikkje høgskulen noko tal som kan sei noko om status, men vi veit at dette er eit felt vi treng å arbeide meir systematisk med. Av konkrete tiltak på dette området kan vi trekke fram etableringa av ein Global Lounge på alle campus (sjå omtale under utviklingsavtalen mål 1.3.). Målet med desse møteplassane er å gje våre campus eit internasjonalt preg og at dei skal vere mangfaldige møteplassar for studentar og tilsette.

Vi arbeider systematisk med universell utforming av bygningar, læringsmiljø og campusområde. Dette er avgjerande for tilrettelegginga for personar med nedsett funksjonsevne.

Campusutviklingsplanar

Utvikling av levande campus var ein viktig del av fusjonsavtalen som skapte Høgskulen på Vestlandet. I tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet for 2020, vart det presisert at fleircampusinstitusjonar bør ha ein overordna campusstrategi i tillegg til campusutviklingsplanar for dei ulike studiestadane. Høgskulen starta dette arbeidet i juni 2020 og i løpet av 2021 vart det avvikla utviklingsverkstadar for dei fire siste campusane. Rapportar for dei to siste campusane vil etter planen bli presentert for toppleinga i løpet av 2022.

Aktuelle parameter i utviklingsavtalen mellom Kunnskapsdepartementet og Høgskulen på Vestlandet er å utvikle strategiar og planar for berekraftige campusar, og å gjennomføre pilotprosjekt om campusutvikling knytt til ein av campusane. Utviklingsverkstadane som har blitt gjennomført i 2020 og 2021 har følgd opp desse parametranne. Etter planen skal prosjekt campusutvikling legge fram ein overordna campusstrategi i løpet av 2022 som skal bidra til å vidareutvikle Høgskulen på Vestlandet og dei fem campusane langs dei linjer som er knytt til den overordna strategien for institusjonen (sjå mål 1.4 i utviklingsavtalen for meir omtale).

Større byggeprosjekt

Sjå omtale under kapittel III «Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt».



Kapittel V

Vurdering av framtidsutsikter

Framtidsutsikter og planar

Styret har i 2021 gjennomgått og vedtatt vidareføring av høgskulen sin strategi, og vedtatt plan for vidare arbeid med strategiutvikling for kommande strategiperiode (planlagt frå 2023). Det er også vedtatt nye retningslinjer for planlegging ved HVL. I 2020 vart utviklingsavtalen med departementet reforhandla, og gjeld for perioden 2021-2022. I 2022 vil det bli arbeid med ny utviklingsavtale gjeldande frå 2023. Det vil derfor bli viktig å sjå strategi og utviklingsavtale i samanheng, slik at begge tek opp i seg det som er viktig for HVL; å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil, vere ein fleir-campusinstitusjon der våre campus er regionale kraftsenter innanfor utdanning, forskning og innovasjon, og ha ei sterk praksisorientering og samhandling med arbeids- og næringsliv, både i offentleg og privat sektor.

Kapittel V omhandlar årsplan 2022, som er høgskulen sitt sentrale styringsdokument og som omhandlar område som skal vidareutviklast inneverande år. Årsplanen skal bidra til å følgje opp tildelingsbrevet og utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet, eigen strategi, gevinstrealiseringsplanen for strukturreforma, tilbakemeldingar etter etatsstyringsmøtet og andre politiske føringar. Årsplanen er strukturert i samsvar med strategien med to overordna strategiske mål og fire strategiområde med aktuelle verksemdsmål og relevante mål frå utviklingsavtalen, skildringar av risiko og prioriteringar for 2022.

Risikovurderinga i årsplanen er overordna. Risikoen handlar om område som HVL må ha særskild merksemd på framover i tid. Vurderinga baserer seg ikkje på ei metodisk korrekt risikovurdering, men er meir ei

heilskapleg og overordna forståing av potensiell risiko mellom anna basert på andre dokument og saker som har vore handsama i styret.

Overordna strategiske mål for HVL: 1. Høgskulen på Vestlandet skal bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil tufta på samspel, berekraft og nyskaping

Den overordna ambisjonen for strategiperioden 2019-2023 er å bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil, tufta på verdiane samspel, berekraft og nyskaping. Etter fem års drift er høgskulen på god veg til å realisere målsettinga om å bli ein sterk og tydeleg høgare utdanningsinstitusjon.

Risikoområde med særleg fokus i 2022:

- Stabilitet i doktorgradsprogramma.
- Auka første- og toppkompetanse.
- FoU-aktivitet – vitskapleg publisering og eksternfinansiert forskning.

Sentrale prioriteringar:

- Tett oppfølging av dei to doktorgradsprogramma Danning og didaktiske praksisar og Datateknologi.
- Særskilt fokus på toppkompetanse.
- Styrke samhandlinga mellom fakultet og felles-administrasjon.
- Implementering av «top-up»-finansiering ved tilslag på EU-prosjekt.

2. Dei felles faglege satsingsområda skal styrke den profesjons- og arbeidslivsretta profilen og vere gjennomgåande perspektiv i utdanning, forskning, formidling og samhandling

Dei felles faglege satsingsområda er; ansvarleg innovasjon, berekraftig utvikling, danning, folkehelse, profesjons- og arbeidslivsretting, sikkerheit og teknologi. Prioriteringar for desse satsingsområda finn vi att under dei fire strategiområda.

Strategiområde 1: Danne og utdanne

Høgskulen sine verksemdsmål knytt til strategiområde 1 seier at HVL skal vere kjent for å ha studentar som trivast og lukkast og utdanne kritisk reflekterte kandidatar som er attraktive for arbeids- og samfunnsliv regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Relevante utviklingsmål innanfor aktuelt strategiområde handlar om at HVL skal utvikle framtidsetta, varierte og studentaktive lærings- og vurderingsformer for å heve kvaliteten på utdanningane og gjere relevant kunnskap tilgjengeleg for samfunns- og arbeidsliv. HVL vil aktivt søkje samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar, spesielt der institusjonane har komplementær kompetanse. Eit særskild samarbeid med institusjonar på Vestlandet vil bidra til auka konkurransekraft i heile regionen.

Risikoområde med særleg fokus i 2022:

- Studentrekruttering, godt læringsmiljø, aktivt studentdemokrati og tilstrekkeleg omstilling av studietilbodet.

- Framtidsretta, varierte og studentaktive lærings- og vurderingspraksisar.
- Relevant og tilstrekkeleg tilbod for livslang læring.
- HVL må lukkast med å gjere relevant kunnskap tilgjengeleg for samfunns- og arbeidsliv.

Sentrale prioriteringar:**Studentar trivst og lukkast:**

- Gode og innovative læringsmiljø, møteplassar og arenaer for medverknad i ein meir digital studie-kvardag, med særskilt fokus på førsteårsstudentane.
- Universell utforming av alle digitale løysingar retta mot studentar.
- Studentrekruttering til alle campus, med ekstra fokus på utvikling av digital rekrutteringsstrategi.

Studentar får jobb:

- Sikre relevante utdanningar ved å følgje opp dei formelle samarbeidskanalane som finnast, ved etablering og vidareutvikling av studieprogram.
- Sikre eit relevant og tilstrekkeleg tilbod av fleksible utdanningar og etter- og vidareutdanning.
- Sikre at alle studentar får ein internasjonal dimensjon i studieprogram.
- Arbeide for auka studentmobilitet, og prioritere satsing på Erasmus+ avtalar.

Utdanningskvalitet og tilgjengeleg kunnskap:

- Sikre kultur- og kompetansebygging ved at vitskapleg tilsette får avsett tid og ressursar til opplæring og har gode arenaer for erfaringsdeling.
- Vektlegge samarbeid på tvers av fakulteta om utdanningskvalitet, til dømes gjennom fellesemnet danning og akademisk handverk.
- Auke kapasiteten i tilgjengelege støtteressursar til vitskapleg tilsette.
- Samle og forsterke fagmiljø for digitalisering og utdanning.
- Kraftig auke i utveksling både fysisk og virtuelt med særleg satsing på Erasmus+.

Samarbeid om utdanning:

- Prioritere og vidareutvikle arbeidet i etablerte samarbeidsforum, til dømes med helseføretak og utvalde kompetanseforum.
- Styrke det internasjonale utdanningsamarbeidet.

Strategiområde 2: Forsking, utviklingsarbeid og innovasjon

Høgskulen sine verksemdsmål knytt til strategiområde 2 seier at HVL skal drive profesjons- og praksisretta forskning av høg internasjonal kvalitet i samarbeid med arbeidsliv og offentleg sektor og styrke internasjonalt samarbeid om forskning, utviklingsarbeid og innovasjon.

Relevante utviklingsmål innanfor aktuelt strategiområde handlar mellom anna om at HVL aktivt vil arbeide med å auke delen tilsette med fyrstekompetanse og professor- og dosentkompetanse gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid, og tilsette med solid arbeidslivserfaring. Den samla kompetansen skal byggast saman med samfunns- og arbeidsliv. HVL vil dessutan aktivt involvere studentane i FoU-arbeidet, auke forskingskompetansen hos høgskulen sine samarbeidspartnarar og bidra til berekraftig vekst og innovasjon. I tillegg vil HVL aktivt arbeide med å sikre høg internasjonal kvalitet i forskingsaktiviteten, gjennom meir internasjonalt prosjektarbeid og auka vitskapeleg publisering. Målet er å vere på nivå med dei norske universiteta med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Risikoområde med særleg fokus i 2022:

- Mange nok og god nok kvalitet på søknadar om eksternfinansiering.
- Tilstrekkeleg støttekapasitet knytt til søknadar om, og gjennomføring av, eksternfinansierte prosjekt, i tillegg til prioritering og kultur for prosjektutvikling og søknadsskriving blant leiarar.
- At forskingsprosjekt i for liten grad speglar den profesjons- og praksisretta profilen.
- Prioritering av FoU-tid til prosjekt og samarbeid som skal bidra til å utvikle kvalitet i forskning og utdanning.

Sentrale prioriteringar:**Forskingskvalitet og samarbeid med arbeidsliv:**

- Ei meir solid forskarutdanning, og god gjennomstrøyming i ph.d.-programma.
- Auka vekst i ekstern finansiering av forskning, internasjonalisering og innovasjon.
- Arbeide for å auke den vitskapelege publiseringa.
- Auke merksemda på open forskning.
- Legge til rette for både fleire offentlege ph.d. og nærings-ph.d.

Internasjonalt samarbeid:

- Arbeide strategisk med internasjonalisering i heile organisasjonen.
- I større grad delta i internasjonale nettverk og utvikle internasjonale samarbeid og partnaraskap som styrker kvalitet i både forskning og utdanning.
- Auke bruken av digitale løysingar og verktøy i internasjonaliseringsarbeidet.

Første- og toppkompetanse:

- Gjennomføre interne kompetanseutviklingsprogram.
- Rekruttering av første- og toppkompetanse i samsvar med tilsettingspolitikk.
- Rekruttering av toppkompetanse internasjonalt.
- Setje inn tiltak for å hindre at dei toppkompetente vi har i dag sluttar eller førtidspensjonerer seg.

Studentinvolvering, kompetanseheving og berekraft:

- Vidareutvikle linjeansvar og struktur for innovasjon og nyskaping, og samtidig bidra til at samspel og innovasjon blir ein meir integrert del av all vår faglege verksemd.
- Legge til rette for innovasjon og at forskingsresultat blir brukt.
- Setje i verk retningslinjer og politikk for IPR.

Internasjonalisering:

- Auke tildelinga frå forskings-, utdannings-, og innovasjonsprogram.
